

Årsrapport 2018

Stavanger biskop og bispedømmeråd



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

Innhald

Innhald	2
I. Vurdering frå leiaren.....	3
II. Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda	5
Organisering og formål	5
Organisasjonen	5
Nøkkeltal frå bispedømmet	6
III. Årets aktivitetar og resultat	7
Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde	7
A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk	7
B. Resultatmål og nøkkelindikatorar	8
Gudstenestelivet blomstrar.....	8
1. Oppslutninga om gudstenestene aukar	8
2. Gudstenestetilbodet blir halde oppe	11
3. Fleire vel kyrkjeleg vigsel.....	12
4. Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halden oppe	13
5. Kyrkja gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.....	14
6. Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet	16
7. Menneske med særskilte behov blir inkluderte i kyrkjelydsarbeidet	17
fleire søker dåp og trusopplæring	19
folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet	26
1. Diakoni	26
fleire får lyst til å jobba i kyrkja	34
1. Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	34
2. Fleire blir engasjert i frivillig teneste i kyrkja	37
C: Område Kyrkjerådet ønsker særleg rapportering på	39
D: Biskopen si verksemd	43
IV. Styring og kontroll i verksemda	45
A: Helse, miljø og tryggleik	45
Sjukefråvær og vurderingar av dette	45
Arbeidsplassundersøkinga og vurdering av denne	46
Den nasjonale medarbeidarundersøkinga	47
Rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold	47
B: Likestilling.....	48
C. Vurdering av risikoen for misleghald	50
Vurdering av risikoen for misleghald (Ibuande risiko)	50
Risikobiletet.....	50
V. Vurdering av framtidsutsikter	51
VI Årsrekneskap	55
Vedlegg	59

I. Vurdering frå leiaren

Folk i Noreg er ofte kyrkjemedlemmar, men i varierende grad interesserte i trusspørsmål og truspraksis. Samfunnet er i aukande grad sekulært, med innslag av religionskritikk, ulike livsmål og debattar om verdispørsmål. Me har sterke felles verdiar i samfunnet og klare skilnader, ulike tilnærmingar til livet og mykje felles som menneske.

I dette samfunnet er me folkekyrkje. Me forvaltar tradisjon, set rammer for viktige hendingar i folk sine liv, tilbyr fellesskap, gjev barn og unge opplevingar og hjelp til livstolking. Kyrkja opnar heilage rom for breidda av kyrkjemedlemmane, i helg og kvardag.

Dei indre resultatane av denne verksemda er ikkje lette å måle. Dei konkrete resultatane for 2018 viser at mykje er stabilt. Over 99,5 prosent av dei som er medlemmar held fram med det, færre medlemmar forsvann enn i 2017. Kyrkjeleg gravferd og konfirmasjon står sterkt. Oppslutninga om dåp er sårbar. Kyrkjeleg vigsel er eit av mange tilbod, i ein kontekst der personleg utforming og tilpassing er viktig.

Kyrkjelydane i Stavanger bispedømme er aktive. Dei tilsette er engasjerte, trivst og identifiserer seg med kyrkja sitt oppdrag. Dei frivillige er mange, faktisk litt fleire enn året før. Kommunar samarbeider gjerne med kyrkja og set pris på det kyrkjelege bidraget i lokalsamfunnet. Det er relativt høg oppslutning om gudstenester, sjølv om fleire faste gudstenestedeltakarar blir eldre, utan at nye kjem til. Nokre stader lukkast ein godt med å gjera gudstenesta til ein levande møtestad for både små og store.

Biskop Ivar Braut blei sjukemeld i september 2016. Domprost Anne Lise Ådnøy har teke vare på bispetenesta. I august melde Ivar Braut at helsa ikkje tillèt han å venda tilbake til tenesta, og 3. oktober blei avskjeden markert.

På bispedømmekontoret har året vore prega av effektiviseringsprosessen. Sjølv om det har vore forståing for bakgrunnen, har det vore mykje arbeid blanda med ei kjensle av risiko for å mista nokon i arbeidsfellesskapet

Ved sida av oppfølging av bispetenesta, effektivisering og personal- og forvaltningsoppgåvene, har arbeidet på bispedømmekontoret i 2018 vore prega av besøk i prostia med fokus på ungdom og inkludering, god oppslutning om inkluderingsarbeidet lokalt og regionalt, stor interesse for «Sansen for det hellige»-prosjektet, gjennomgang av konfirmantplanar, oppfølging av trusopplæring, kurs i førebygging av krenkingar, beredskapsarbeid, arbeid med misjonsavtalar for ungdom, visitasar, samarbeid mellom kyrkje og kunstnarar, fokus på kyrkjelydsutvikling blant prostane og opning av Kystpilegrimsleia. Kurs og samlingar for tilsette i ulike grupper er høgt prioritert.

Elles har me teke imot meldinga om ny satsing på diakoni med glede.

Me høyrer om vellukka arrangement frå heile bispedømmet og møter kyrkjelydsarbeid av høgste kvalitet på visitasar. Me ser tilsette som gler seg og gjev mykje av seg sjølv i jobben, har høg kompetanse på sine fagområde. Det er mykje godt samarbeid i stabane. Me har fokus på godt samarbeid med dei kyrkjelege fellesråda og ser gode resultat av dette.

Me kan dela nokre glimt: I Karmøy prosti lukkast ein med å sikra eit løft på vedlikehald av kyrkjebygg i heile prostiet. Ræge kyrkjelyd får god oppslutning om «Bibeldykk», samlingar

der bibellesing står i sentrum. Gand kyrkje fyller kvart år kyrkja 1. juledag, basert på sterke musikalske tradisjonar. På Sand i Ryfylke melder arbeidsinnvandrarar seg inn i kyrkja, slik at det er fleire innmeldte enn utmeldte. I Haugesund har dei eit vellukka helse-kyrkje-samarbeid, der kyrkjeleg tilsette blir ressursar på åndeleg omsorg for kommunen. Bryne kyrkje på Jæren er blitt ein viktig kulturaktør og nye Koparvik kyrkje på Karmøy er blitt ein samlingsstad der det finst godt besøkte aktivitetar i mange rom parallelt veka gjennom.

I resultatane for 2018 ser me auke i arbeid for barn, vekst i kyrkje-skule-samarbeid, høgare gjennomsnittleg deltaking på kulturarrangement, fleire treff på nettsider og vekst i oppslutning om tilbodet til menneske med utviklingshemming. Frå prostia høyrer me at kvardagskyrkja blir stadig viktigare, fleire kyrkjelydar melder at dei lukkast godt med «supertorsdag» og liknande konsept der kor, trusopplæring og aktivitetar for familiar blir samla på same dag, med tilbod om enkel middag på tvers av aktivitetane.

I oppslutning om dåp og trusopplæring er tala stabile. Kjende tiltak og felles nasjonale konsept er det som får høgast oppslutning. Babysong har fått godt rykte. Satsing på dåp gjev nokre stader betre oppslutning.

Frå 2017-2018 ser me nedgang på fire viktige område. Det blir rapportert om mindre ungdomsarbeid, svakt svekka oppslutning om konfirmasjon, færre kor og færre diakonale tilbod. Både innanfor diakonien og i kyrkjelydsarbeidet generelt ser me behov for auka fokus på møteplassar for ungdom og fokus på utsette grupper som treng støtte og fellesskap.

Størstedelen av ressursane bispedømmerådet rår over går til presteneste i kyrkjelydane. Det meste av denne ressursen går til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Elles tek prestane del i trusopplæring og anna kyrkjelydsbyggjande arbeid. Etter nokre år med arbeidstid for prestar er det blitt noko meir tidspress og medvit om prioriteringar i prestenesta, men også ryddigare rammer som i det store fungerer godt.

Oppslutninga om kyrkja reflekterer folk sine haldingar til kristen tru. Dei varierer. Ved inngangen til 2019 er me framleis ei aktiv folkekyrkje med brei oppslutning, men ei kyrkje som ikkje kan rekna dette for sjølvsgatt for tida som kjem.

Stavanger, 8. mars 2019



Marie Klakegg Grastveit
Leiar, Stavanger bispedømmeråd



Anne Lise Ådnøy
Konstituert biskop



II. Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda

Organisering og formål

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i bispedømmet.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og dekker Rogaland fylke.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestetenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevarar for prestane i det daglege. Dei er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og næra det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmekontoret er organisert i to avdelingar, i avdeling for personal-, økonomi og forvaltning og i avdeling for kyrkjelydsutvikling. Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokument, strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

I Stavanger bispedømme er det 91 sokn med tilhøyrande sokneråd. Fem sokn har forsøk med samanslåtte sokneråd, slik at det i praksis er 89 sokneråd i funksjon. Det er 26 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellesråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellesråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemar og biskopen.

Domprost Anne Lise Ådnøy er konstituert biskop: Den 17. mars 2019 blir ho vigsla til biskop i Stavanger bispedømme.

Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger. Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes.

Bispedømmekontoret har 14,3 årsverk fordelt på 15 personar.

Nøkkeltal frå bispedømmet

Prosti	Medlemmar	Innbyggjarar	Prosent i kyrkja	Endring i medlemstal frå 2017	Endring i medlemstal frå 2016
Dalane	17426	24155	72	-127	-347
Domprostiet	39447	134037	61	-460	-1082
Ytre Stavanger	42944				
Haugaland	42126	58057	73	-264	-539
Jæren	50161	68862	73	-67	-391
Karmøy	32376	42161	77	-233	-481
Ryfylke	19454	24988	78	-106	-389
Sandnes	48633	77246	63	-54	-108
Tungenes	32628	46148	71	-2	-108
Sum	325195	475654	68	-1313 (-0,4 %)	-3445

Prosti	Innmeldingar			Utmeldingar		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Dalane	11	14	17	192	129	46
Stavanger Domprosti	41	39	23	797	217	208
Ytre Stavanger	39	47	27	596	227	160
Haugaland	46	21	18	511	197	157
Jæren	38	34	33	874	423	201
Karmøy	18	27	15	341	166	106
Ryfylke	9	18	18	250	111	65
Sandnes	41	30	36	850	297	189
Tungenes	25	24	21	513	190	120
Sum	268	254	208	4924	1957	1252

Volumtal for bispedømmet	2014	2015	2016	2017	2018
Tal døypte	3 770	3 747	3591	3320	3065
Tal konfirmerte	4 230	4 011	3931	3749	3727
Tal kyrkjelege vigslar	948	863	816	773	733
Tal kyrkjelege gravferder	2 616	2 596	2724	2738	2736
Tal gudstenester totalt	5 744	5 561	5642	5497	5395
Tal gudstenestedeltakarar	718 467	685 385	697 336	667 375	640 606

Nøkkeltal frå årsrekneskapen ¹					
	2014	2015	2016	2017	2018
Tal årsverk	111	112	107	108	110
- av desse i presteteneste	97	98	93	94	95
Samla tildeling post 01	86 524 000	95 092 000	100 024 000	111 010 000	102 259 000
Utnyttingsgrad post 01	99,6 %	93,5 %	93,9 %	95,2 %	95,1 %
Driftsutgifter	86 192 233	88 922 578	93 965 358	105 720 279	97220526
Lønsdel av driftsutgifter	86,2 %	87,6 %	88,5 %	91 %	90,6 %
Del løn brukt i prestetenesta	75,0 %	76,8 %	77,9 %	79,10 %	79,0 %
Løn og godtgjering pr. årsverk	670 544	698 838	800 668	887 645	801 082

¹ Frå 2018 inngår ikkje pensjonskostnadar eller arbeidsgjevaravgift i tala, slik at dei ikkje er samanliknbare med tidlegare år. Tala på årsverk er henta frå årsrekneskapen.

III. Årets aktiviteter og resultat

Mål, indikatorar og resultat på Kyrkerådet sine fokusområde

A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk

Fleire hovudlinjer i resultatet er alt kommenterte i vurderinga frå leiaren. I dette avsnittet vil me gje oversikt over måloppnåinga i forhold til mål og indikatorar frå nasjonalt hald.

Gudstenestelivet blomstrar nokre stader, men slett ikkje over alt. Nokre stader er det meir ei kjensle av at noko er i ferd med å visna. Det er lenge sidan gudsteneste var eit breiddetiltak. Nå ser me at det er vanskeleg å rekruttera yngre menneske til gudstenestefellesskapa. Me når ikkje målet om auka oppslutning om gudstenestene. Tilbodet er stabilt, men talet på gudstenester som ikkje er forordna går ned.

I 2018 nådde me heller ikkje målet om at fleire skal velja kyrkjeleg vigsel. Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd gjekk også ned.

Kultur er blitt ein integrert dimensjon ved det kyrkjelege arbeidet på regionalt nivå. I kyrkjelydane ser me god deltaking på kulturelle arrangement og konsertar, men eit redusert tilbod frå 2017 til 2018, delvis fordi 2017 var spesielt, med reformasjonsjubileum. Me har framleis noko å gå på i dei lokale kyrkjelydane for å nytta breidda av korleis kulturuttrykk kan vera ein ressurs i arbeidet.

Me har svak tradisjon for bruk av samisk språk i bispedømmet, men har klart å etablere kontakt med ressurspersonar, noko som gjer at me kan komma lengre på dette området framover.

Til trass for god innsats mange stader, såg me i 2018 at oppslutninga om dåp går ned igjen. Me er spente på effekten av at kyrkja ikkje lenger kan senda brev direkte. Me har fokus på kvalitetsarbeid, invitasjonar og har noko å gå på når det gjeld brei offentleg kommunikasjon om dåp.

Trusopplæringa er blitt godt etablert og eit fast innslag i tilbodet i kyrkjelydane. Me har gått frå ein etableringsfase til ein driftsfase. Tilbodet er svært viktig for kyrkjelydane og når relativt sett mange. Oppslutninga om konfirmasjon er framleis høg, men går litt ned.

Dei aller fleste kyrkjelydane har diakoniplan og me har lukkast med å få fleire planar på plass. Det er vanskeleg å rekruttera nye grønne kyrkjelydar, så her trengst det fornying. Nettsatsing og Facebook har positive tal, delvis løfta av merksemda om bispetenesta. Det er vanskelegast å rekruttera kateketar. Me får nok prestar, diakonar og kyrkjemusikarar, men konkurransen om prestestillingane er mindre enn før. På sikt er det for få studentar til å fylla inn etter dei som etter kvart går av med pensjon.

Det blei fleire frivillige i 2018, spesielt innan barne- og ungdomsarbeid.

Det mest utfordrande i resultatata er tendensar til gradvis svekka oppslutning om folkekyrkja, spesielt blant dei yngre. Det positive er at oppslutninga framleis er brei. Kyrkjelydane gjev eit mangfaldig tilbod som når svært mange. Resultata er gode i eit sekulært samfunn, men held seg ikkje oppe av seg sjølv.

B. Resultatmål og nøkkelindikatorar

Gudstenestelivet blomstrar

1. OPPSLUTNINGA OM GUDSTENESTENE AUKAR

Delmål: Gudstenestene får auka oppslutning.

Indikator: Gudstenestedeltaking

Resultat og utvikling

Talet på sun- og helgedagsgudstenester har vore stabilt frå 2017 til 2018. Det er registrert 500 000 gudstenestebesøk, ned 3 % frå i fjor. Den gjennomsnittlege deltakinga er nå på 123.

Det har blitt 200 færre nattverdguðstenester og derfor færre nattverdgjestar totalt (2018: 166 300), men snittet pr. nattverdguðsteneste er det same (61). Nedgangen i talet på nattverdguðstenester er ei lokal utvikling, ikkje noko som kjem av styring frå biskopen.

Kva ligg bak resultatet (vurdering og analyse)?

Me har hatt inntrykk av at deltakinga er på veg ned. Fleire stader ser me at dei som går i kyrkja blir eldre, utan at nye kjem til. Mange vel hytte eller idrett framfor kyrkje i helgene. Prosten i Dalane skriv at dei opplever at småbarnsfamiliane er travle og vel å dra på tur eller ta det med ro på sundagen.



Sokneprest Sigrun Arnesen, konstituert biskop Anne Lise Ådnøy og prost Sigrid Sigmundstad på visitasgudsteneste i Hjelmeland.

Ein del av biletet er at søndagsskulearbeidet i bispedømmet er i ein bølgedal, noko som påverkar oppslutninga mellom familiar. I Haugesund ser dei at deltakinga på konfirmasjonar aukar, at julaftan har stabil oppslutning, medan dei vanlege gudstenestebesøka går ned med 1000 i året.

I kyrkjelydar, i prostegruppa er form på gudstenester eit aktuelt tema. Prosten i Sandnes uttalar at «Unge og yngre barnefamiliar søker til fellesskap utanom Den norske kyrkja. Gudstenestefellesskapet med liturgien og musikkspåket appellerer lite til denne gruppa.» Han siterer ein konfirmant som uttalte at «Dersom eg ikkje hadde sett lysa i taket, hadde eg trudd at eg var i mellomalderen.»

Lågkyrkjeleg kristendom, sterke innslag av dei kristne organisasjonane og impulsar frå England og USA pregar nokre av prostia våre. Her blir tradisjonelle høgmesser utfordra. Dette handlar til dels om kva folk er vane med, til dels om eit prinsipielt lågkyrkjeleg syn på gudstenesta og til dels om eit ønske om gudstenester som kommuniserer gjennom moderne teknologi, andre stilartar enn tradisjonell kyrkjemusikk og fleire kreative innslag i gudstenesta.

Ønska om gudstenesteform ligg mykje nærare opp til Den norske kyrkja sine gudstenester enn til både bedehusmøte og karismatikk, men i desse kyrkjelydane finst det sterk opposisjon mot detaljregulering på kyrkjelydssvar-nivå og ein kritikk mot ordrik liturgi og gudstenester som kommuniserer dårleg med familiar, barn og konfirmantar. Det er derfor mange prestar og kyrkjelydar i Sandnes, Tungenes og på Jæren som er spente på kva rammer Kyrkjemøtet vil leggja i 2019. Nokre moglege løysingar vil møte sterk motstand i kyrkjelydar med sterkt eigarskap og svært god oppslutning om gudstenestene.

Me har sett på korleis deltaking og gudstenesteprofil heng saman. Den gjennomsnittlege deltakinga i dei sju kyrkjelydane som i størst grad utfordrar tradisjonelle liturgiske rammer ligg på 191, klart over gjennomsnittet i bispedømmet. Dette har også med nye kyrkjer, eigarskap til kyrkjelydsarbeidet og medlemstal å gjera, men det er klart at desse kyrkjelydane lukkast med å skapa attraktive gudstenestefellesskap. Kyrkjelydar i nyare kyrkjebygg med eit lettare preg av gudstenestefornyng ligg også klart over dei me kjenner som mest tradisjonelle.

Me har også sett på om det er skilnadar på gudstenestedeltakinga i ulike typar kyrkjebygg i bispedømmet. Desse tala heng sjølvstamt saman med meir enn typen bygg. Det er dei nyare kyrkjebygga som også har eit sakralt preg som har best deltaking i gjennomsnitt (148), følgt av arbeidskyrkjer (138) og middelalderkyrkjer (116).

Det er færrest som kjem til dei klassiske, kvitmåla trekyrkjene (88). Dette heng mykje saman med kva typar kyrkjelydar som har ulike typar kyrkjer, men me ser at nye, sakralt prega kyrkjebygg eller kyrkjer der det er lett å gjera meir enn å halda gudsteneste er dei som har høgast oppslutning om søndagsgudstenester.

Det er ulike meiningar i bispedømmet om kva som ligg bak desse tala og korleis ein skal møte dei kyrkjelydane som ønskjer at Kyrkjemøtet gjev meir fridom til dei lokale kyrkjelydane. Det finst òg ulike meiningar internt i kyrkjelydane og mellom dei tilsette. Skilnadane bør ikkje overdrivast, men Kyrkjemøtet si revisjon av hovudgudstenesta og biskopen si leiing av arbeidet med denne regionalt vil gje viktige signal om vegen vidare.

Oppsummering og vegen vidare

Trass i at gudstenester er noko av det me brukar mest ressursar på i kyrkja, ser me at det ikkje er her me veks. Slik har det vore i mange år. Folk oppsøker kyrkja viss dei blir inviterte eller det skal skje ei kyrkjeleg handling i familien, men til vanleg held dei på med andre ting.

Sidan det er vanskeleg med nyrekruttering til gudsteneste, til trass for stor innsats på området, kan det vera grunn til å stilla spørsmål ved både ressursbruk, kvalitet og rekruttering. Sjølv om kyrkja seier gudsteneste er svært viktig, ser det ikkje ut til at kyrkjemedlemmane synest det er slik i praksis. Slik har det vore lenge. Det tek tid å bli fast kyrkjegjengar. Trusopplæring og konfirmasjon hjelper heller ikkje på dette.

Me trur det er noko å henta på kvalitetsarbeid, marknadsføring og involvering. Ikkje minst verkar tilrettelegging for familiar å ha mykje å seia. Men me trur også det er viktig å snakka meir om balansen mellom gudstenestesatsing og satsing på kvar dagskyrkja. Kanskje bør også meir av den ressursen som i dag blir brukt på gudstenester bli retta inn meir spesifikt mot gudstenester for ungdom.

I Sauda har dei sett at å involvera breidda av musikklivet i gudstenesta gjer at negative trendar snur. Det same gjeld ei satsing på Sand i Ryfylke, «Kvar sundag er kyrkjedag». Her har soknerådet arrangement dei sundagane det ikkje er forordna gudsteneste. Det skapar betre oppslutning også på dei forordna gudstenestene.

Me har planar om kurs i gudstenester for små og store, for å gje inspirasjon og kompetanse til å ta barn sine føresetnadar på alvor i gudstenestearbeidet. Me vil også kursa leke gudstenesteleiarar og leggja til rette for dei nasjonale kursa i etterkant av revisjonen i 2019. Dessutan ønsker me å styrka kyrkjelydssongen Musikken i gudstenesta har mykje å seia for opplevinga. Me vil også sjå på korleis gudstenestetilbodet i byane fungerer og korleis me skal handtera dei ulike ønska om gudstenester med ulik profil der kyrkjebygga ligg tett.



Fullt i Nærbø kyrkje når konfirmantane blir presenterte for kyrkjelyden.

2. GUDSTENESTETILBODET BLIR HALDE OPPE

Mål: Tilbodet om gudstenester blir halde oppe.

Indikator: Gudstenestefrekvens

Resultat og utvikling

Tilbodet om gudstenester på sun- og helgedagar har vore stabilt frå 2017 til 2018. Det har blitt nokre færre gudstenester totalt sett. Reduksjonen ligg altså innanfor tilbodet kyrkjelydane sjølv styrer, mens talet på forordna gudstenester har vore stabilt.

Kva ligg bak resultatet (vurdering og analyse)?

Gudstenesteforordninga i bispedømmet er tilpassa storleiken på soknet og den tilgjengelege presterressursen. Dei siste året har talet på kyrkjelydsprestar vore stabilt, og det gjer og at gudstenesteforordninga blir stabil.

Det er i liten grad kyrkjelydar som melder at dei ønsker fleire gudstenester. Eit par større kyrkjelydar har tvert imot eit ønske om å ikkje ha full forordning, for å ha ein frisundag for både deltakarar, frivillige og tilsette. Som før kan me stort sett rekna at alle som ønsker å gå på gudsteneste har ei kyrkje som tilbyr dette innan relativt kort reiseavstand. I mindre grad enn ein kunne ønska, reiser folk mellom kyrkjelydar.

Nokre prosti har likevel eit ønske om fellesgudstenester i skuleferieperiodar. Der dei får til lokal forankring for slike løysingar, kan dette fungera godt.

Talet på andre gudstenester heng saman med oppgåvemengda i prestetenesta og lokale, strategiske prioriteringar.

I Sokndal har forordninga blitt noko redusert, etter bortfall av ein prostiprestressurs i prostiet. Her har frivillige gått inn og gjev eit tilbod når det ikkje er gudsteneste. Dette fungerer godt.

Vegen vidare

Gudstenesta er sentral både teologisk og strategisk. Kyrkjemøtet har eit mål om å halda gudstenestefrekvensen oppe. Dette målet står ikkje åleine, men blir også styrt av presterressursar og lokale prioriteringar.

Kyrkja har i lang tid satsa mykje på gudstenester og bruker store deler av ressursane i prestetenesta på dette, utan at me lukkast med å skapa vekst. Det utfordrar oss til vidare satsing på gudsteneste, men også til å vurdera ressursbruken og innretninga på gudstenestesatsinga.

Utan at me har gjort konkrete endringar, finst det ein samtale i bispedømmet der me vurderer om gudstenestetilbodet bør bli meir differensiert, om det bør vera fleire gudstenesteelement i kvardagskyrkja, om me treng ny og brei satsing på kvalitets- og kommunikasjonsarbeid eller om nokre av dei ressursane som i dag går til gudsteneste bør brukast andre stader.

Me treng også fleire gudsteneter for ungdom.

3. FLEIRE VEL KYRKJELEG VIGSEL

Mål: *Fleire vel kyrkjeleg vigsel*

Indikator: *Talet på vigslar.*

Resultat og utvikling

I 2018 var det 733 vigslar i bispedømmet, mot 766 året før. Det er ein nedgang på 4,3 %. På landsbasis var det 5,3 % færre vigslar totalt, så nedgangen i bispedømmet er noko mindre enn den nasjonale trenden.

Gjennomsnittleg deltaking pr. vigsel har gått opp med to, frå 68 til 70.

Statistisk sentralbyrå har nasjonale tal for typar vigslar. Dei siste tala er frå 2017. Tala er stabile, men frå 2016 til 2017 blei det litt fleire vigslar i Den norske kyrkja. Opninga for vigslar av likekjønna par kan ha bidratt til denne auka.

Vigslar fordelt på ulike aktørar					
	2013	2014	2015	2016	2017
Den norske kyrkja (i Norge)	8706	8602	8565	8186	8164
Del vigslar i Den norske kyrkja	37 %	38 %	38 %	36 %	37 %
Del borgarlege vigslar	33 %	33 %	33 %	35 %	35 %
Del vigslar i utlandet	23 %	22 %	21 %	20 %	19 %
Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja	7 %	7 %	8 %	9 %	9 %
Vigslar i alt	23 410	22 887	22 738	22 537	22 111

Kva ligg bak resultatet?

Me ser ikkje større endringar over tid i kva type vigsel folk vel. Dette handlar om meir enn tilknytning til kyrkja, om alt frå økonomi til estetikk og praktiske tilhøve.

Større kyrkjeleg openheit for variasjon i samlivsform kan føra til at terskelen til kyrkjeleg vigsel blir lågare. Samtidig kan svakare tilknytning til kyrkja blant unge generelt virka motsett veg. Det same gjeld auka om seremoniar og markeringar med personleg særpreg.

Biskopen har opna for at fleire vigslar kan skje utanfor kyrkja, på eigna stader, også i samarbeid med selskapslokale som tek betalt, viss tilhøva elles er eigna til ein kyrkjeleg handling og det er presteteneste tilgjengeleg til å ta oppdraget. Prostane har delegasjon til å ta avgjerder om dette i sitt prosti.

Vegen vidare

Me ventar at talet på vigslar kan gå ned noko i Karmøy prosti i tida framover, kanskje også i bispedømmet, sidan Olavskyrkja på Avaldsnes blir stengt for reovering. Resultatet generelt vil avhenga korleis me klarer ta vare på oppslutninga om kyrkja og leggja til rette for folk sine ønske.

4. OPPSLUTNINGA OM KYRKJELEG GRAVFERD BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: *Talet på kyrkjelege gravferder*

Resultat og utvikling

Kyrkjelege gravferder					
Ar	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på gravferder	2616	2628	2724	2738	2702
Døde i Rogaland	2912	2959	3038	2981	3049
Gravferdsprosent i kyrkja	90 %	89 %	90 %	92 %	87 %

Me ser at det har vore større svingingar en vanleg i gravferdsprosenten dei siste åra. Frå 2016 til 2017 gjekk delen gravferder i kyrkja litt opp, mens han frå 2017 til 2018 ser ut til å ha gått tydeleg ned.

Kva ligg bak tala?

I Haugesund melder prosten at de er stabilt høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd blant kyrkjemedlemmane. Det var 235 kyrkjelege gravferder og 233 medlemmar som døydd. Av desse var det 14 kyrkjemedlemmer som valde ein annan form for gravferd, mens 16 ikkje-medlemmar ønska kyrkjeleg gravferd. Av dei som ikkje vil ha kyrkjeleg gravferd, vel fleire å ikkje ha nokon seremoni eller la gravferdsbyrået laga til ein privat seremoni.

Nesten alle i Karmøy vel kyrkjeleg gravferd. Det er altså regionale skilnadar i bispedømmet.

Alle som arbeider med gravferd, merkar at familiane ønsker eit personleg preg på gravferda. Dette kjem mest til uttrykk i musikkønske. Det er ikkje så mange som reagerer på dei liturgiske rammene, men dei er opptekne av å få bruka sin eigen musikk og leggja inn element som gjer gravferda personleg.

For både kyrkjemusikarar og prestar kan nokre av ønska dei møter vera vanskelege å handtera. Familien er i ein sårbar situasjon og det er uheldig å ikkje kunne komma dei i møte, samtidig som nokre av ønska ikkje vil fungera godt. Til ein viss grad utfordrar situasjonen kyrkja til strategiske val. Viss ein held strengt på rammer det er lite forståing for, kan rommet for andre aktørar bli større og oppslutninga om kyrkjeleg gravferd gå ned.

Me kjenner til at elles i landet er det fleire som tilbyr gravferder, noko som gjer at delen gravferder i kyrkja går ned. Ser me starten på ein slik tendens i vårt bispedømme også?

Vegen vidare

Gravferdene er viktige i folkekyrkja. I møte med sorg og død uttrykker kyrkja både tru, håp og omsorg. Dei involverte peikar på denne tenesta som meiningsfull og ei viktig del av tenesta. Kontakten mellom kyrkje og folk i møte med døden har stor symbolverdi. Når kontakten blir god, slik han ofte gjer, bidrar det til å skapa tillit og tilknytning mellom folk og kyrkje. Det er derfor svært viktig å leggja til rette for gode møtepunkt i samband med gravferd.

I fleire prosti har dei jamlege møtepunkt mellom kyrkje og gravferdsbyrå. Me har også behov for å ha dette på bispedømmenivå. Før me møter gravferdsbyråa treng me samtidig å ha avklara nokre av spørsmåla om fleksibilitet internt.

5. KYRKJA GIR ROM FOR ULIKE KUNST- OG KULTURUTTRYKK

Nøkkelindikator: Talet på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Kultur 2014-2018					
Arrangement	2014	2015	2016	2017	2018
Konsertar i regi av kyrkjelyden	415	526	420	490	437
Publikumstal	55 402	63 122	54 725	61 480	58 788
Konsertar i regi av andre	269	331	304	267	295
Publikumstal	59 763	62 348	70 750	64 937	71 449
Andre kulturarr i regi av kyrkjelyden	212	226	191	194	161
Publikumstal	22 096	20 525	18 914	21 552	13 652
Andre kulturarr i regi av andre	58	50	56	102	48
Publikumstal	22 643	10 876	7 241	5739	10 471
Kulturelle arrangement totalt	954	1133	971	1053	941
Publikumstal totalt	159 904	156 871	151 630	153 708	154 360

Analyse av resultatet

Kyrkjelydane arrangerte færre konsertar i 2018 enn året før, men slapp til nokre fleire konsertar frå andre aktørar. Publikumstalet gjekk samla sett opp. I eit femårsperspektiv svingar desse tala, og 2018 var eit relativt gjennomsnittleg år.

Det har blitt færre kulturarrangement i kyrkjelydane. Resultata her er dei lågaste sidan 2014. Det var også få kulturarrangement i regi av andre. 2017, med reformasjonsjubileum, var spesielt. Det var også mykje konsertverksemd i samband med opninga av Kopervik kyrkje. Tala viser likevel at kyrkjelydane samla sett ikkje har hatt fleire kulturarrangement eller nådd fleire gjennom desse i løpet av femårsperioden.

Domprostiet har auka kulturverksemda. Her har det blitt 27 % fleire deltakarar på konsertar. Det har blitt fleire konsertar i regi av andre, med 74 % fleire deltakarar til saman. Det er særleg dei tre sentrumskyrkjene, Domkirken, St. Petri og St. Johannes som står får auka. Her skjer det ei bevisst satsing. Med ulike kulturelle uttrykk som kvar for seg ber preg av kvalitet klarer dei auka oppslutninga.

I Haugesund arbeider kyrkjelydane svært godt saman for å vera synlege i byen. Dei deltek aktivt på sildajazz, filmfestival og ser etter høve til å involvera det musikalske miljøet i byen på sine arrangement. Godt samarbeid med kommunen er ein del av dette.

Når me ser på tala på soknenivå, ser me også at rapporteringa ikkje er konsekvent frå år til år. Ein kyrkjelyd rapporterte om 46 arrangement i regi av andre i 2017, med til saman 80 framømte, mens ikkje om noko i 2018. Denne typen avvik slår ut på bispedømmenivå. Me ser også at vakansar og skifte i kyrkjemusikarstillingar gjev midlertidig mindre kulturverksemd.

Me følgjer også med på korverksemda i bispedømmet. Korverksemd er ein viktig del av kyrkja si tradisjon, og viktig for gudstenestelivet med tanke på å halda songen i kyrkjene levande. Det er urovekkjande at det har blitt 7 % færre barnekor og 6 % færre vaksenkor.

KOR	2015	2016	2017	2018
Barnekor	136	130	125	116
Medl. barnekor	3 154	2 924	2 706	2 525
Vaksenkor	62	68	72	66
Medl. vaksenkor	1 464	1 567	1 646	1 578

Me hadde vellukka kurs for barnekor i 2018. Me håpar vidare fokus på dette vil snu utviklinga.

Vegen vidare

I kyrkjelydane er kantorar og organistar sentrale kulturarbeidarar. Me arbeider for å løfta fram kyrkjemusikarane og anerkjenna deira kompetanse, gjennom å arrangera fagdagar, delta i Norsk orgelfestival og leggja til rette for vidareutdanning.

Framover vil me også fokusera på publikumsutvikling, med tanke på å auka talet på dei som nyttar dei ulike kulturtilboda i kyrkjene. Fleire arrangement kunne hatt høgare oppslutning, så me vil sjå på korleis me kan nå eit større publikum. Dette finst det måtar å arbeida systematisk med, gjennom å spørja kven publikum er kva de ønsker, korleis me kan nå nye grupper og bygga relasjonar til fleire.

Me vil også sjå meir på kunsten som finst i kyrkjene. Dei er fulle av vakker kunst, som er med på å fortella kyrkja si store fortelling. Me vil arbeida med å auka kompetansen lokalt og motivera til å opna kyrkjene. Me vil også styrka kompetansen hjå kunstnarar om det særeigne med å utsmykka kyrkjerom, så me kan få fleire kunstnarar inn i arbeidet med utsmykking i kyrkjene.



Skåre kyrkjelyd har eit rikt korliv, frå småbornsalder til vaksne. Her frå vårkonserten til aspirantkoret, barnecoret og ungdomskoret.

6. FLEIRE KYRKJELYDAR INKLUDERER SAMISK SPRÅK I GUDSTENESTELIVET

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

I 2018 kjenner me ikkje til at kyrkjelydar i Stavanger bispedømme har brukt samisk språk i gudstenestelivet. Mot slutten av 2018 har me fått etablert kontakt med nokre som kan bidra til bruk av samisk språk i kyrkja, mellom anna i Haugaland prosti. Domkyrkja har også fått kontakt med interesserte personar. Der er planen å markera nasjonaldagen 6. februar neste år.



Samisk språk er ikkje brukt i gudstenestelivet i bispedømmet i 2018. Kyrkjelydar har like fullt medlemmer med samisk bakgrunn, som Rita Leinan i Vår Frelsers sokn.

7. MENNESKE ED SÆRSKILTE BEHOV BLIR INKLUDERTE I KYRKJELYDSARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske med særskilte behov

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

I årsstatistikken ser me at 46 av 92 sokn seier dei har tilbod retta mot menneske med funksjonshemming. 32 av desse sokna seier tiltaka er samarbeid mellom fleire sokn. For 2017 var tala 45 og 25. Noko større medvit om samarbeid på tvers av sokna er positivt, og me erfarer og at dette er viktig for prostia.

Kyrkjelydane har eit stabilt mangfald av tiltak for menneske med særskilte behov. Samanhengen mellom lokalt, kontinuerleg arbeid og større regionale fellestiltak blir meir og meir viktig, ved å tilby fleire arenaer å møtast på. I tillegg kjem kyrkjelydar som inkluderer menneske med utviklingshemming i det ordinære kyrkjelydsarbeidet. Dette har me ikkje tal på, men me veit både at det skjer og at det gjerne kan skje oftare.

Lokale leirar har vore jamt fullteikna. Me kunne fylt endå fleire ut frå interessa. Felles hausttakkefestar og samarbeidstiltak på prostiplan samlar også stadig fleire. Den store fellesweekenden for bispedømmet hadde rekord-deltaking. Me ser at fleire kjem med som deltakarar, fleire bufellesskap og kommunalt tilsette tek del, kontaktnettet vårt blir utvida og deltakarane blir kjende med fleire. Dei gode resultatata heng saman med godt fokus på leiarutvikling.

Kva skapar gode resultat i inkluderingsarbeidet?

For menneske med utvikling er det gode relasjonar, trygge fellesskap, gjentakande og tilgjengeleg program, og at den enkelte blir sett, høyrte og får bidra som gjev gode resultat. For mange vil det å vera kjent i kyrkja si ha samheng med å kjenna folka i kyrkja. Når desse verdiane får vera byggesteinar i lokalt og regionalt arbeid ser me at det påverkar resultatata i positiv retning.

Samarbeid og deltaking på fellestiltak gjer også at ulike tiltak styrkar kvarandre.

Arbeidet gjev oss også utvida kontaktflater, gjennom besøk og samhandling med kommunar, foreiningar og andre samarbeidspartnarar. Me har hatt kurs og samtalar med tilsette om tema innanfor palliasjon, musikkpedagogiske samlingar på bufellesskap, og vore med på allmenne arrangement, som Downs-dagen. Dette gjer at kyrkja sine verdjar blir synlege i praksis, overfor fleire og styrkar relasjonen vår til kommunane.

Ein viktig del av arbeidet vårt er også besøk og oppfølging ute i det lokale arbeidet. Gjennom dette arbeider me med kvaliteten på arbeidet, gjennom å vera tett på idéskaping og programutvikling, gje inspirasjon, løfta og gje råd til tilsette og frivillige leiarar og skapa gode relasjonar til deltakarar.

Vegen vidare: Kva treng me å satsa på framover?

Me treng framleis å motivera kyrkjelydane til å arbeida aktivt for større deltaking og medverknad av menneske med utviklingshemming i dei ordinære gudstenestene, slik at fleire kyrkjelydar kan oppleva seg berika av gåvene frå desse menneska.

Me vil halda fram med å nytta dei store fellestiltaka til å utvida kontaktnettet med grupper og einskildpersonar, søka fleire samarbeidspartnarar og involvera fleire i program og utføring.

Me arbeider også langsiktig og planmessig med Kyrkjefellesskapsprosjektet på Solgården, der neste tur er i 2019. Ca. 240 leiarar og deltakar er påmelde, 102 frå Stavanger bispedømme. Prosjektet er blitt eit landsdekkande tiltak der deltakinga nesten sprengjer alle rammar. Leiren bidreg sterkt til programutvikling nasjonalt, leiarutvikling regionalt og fellesskapsbygging lokalt.

Viss glede hadde vore ein indikator, ville inkluderingsarbeidet scora høgt. Me møter mange glade deltakarar. Dei lever ofte med utfordringar og krevjande rammar om liva sine, men viser, deler og spreier stor glede når dei får delta i fellesskap, blir tekne på alvor og rekna med som heile menneske, slik dei er. Tiltaka bidreg til auka livskvalitet for målgruppa.



Haustfest i Norheim kyrkje. Under bønnevandringa teikna prost Helge Gaard kors i handa på deltakarane med dåpsvatn.

Fleire søker dåp og trusopplæring

1. OPPSLUTNINGA OM DÅP AUKAR (2 sider)

Nøkkelindikator: Prosentdel døypte av tilhøyrande

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Tala for dåp i Stavanger bispedøme er presentert og vurdert i eit lengre perspektiv enn før. Frå 2008 har det vore ein jamn nedgang i tala på døypte av kyrkjetilhøyrande, på ca. 2 % pr. år.

Dåp					
	1 år i 2008	1 år i 2013	1 år i 2016	1 år i 2017	1 år i 2018
Døypte i årskullet			3591	3346	3065
Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande	88,4 %	84,5 %	82,4 %	82,1 %	79,9 %

Mens delen døypte frå 2016-2017 gjekk litt opp, går resultatet ned frå 2017-2018.

På prostinivå er det betre resultat i Domprostiet (opp 5 %) og nedgang i Jæren prosti (ned 5 %). Her har det vore ein del utmeldingar, som kan påverka resultatata. I resten av prostia er det stabilitet eller svak nedgang. På soknenivå er det til dels store variasjonar.

Dei stabile tala i Sandnes prosti kan komma av at dei har hatt fokus på aksjonen og at dette har prega kyrkjelydane i større grad her enn andre plassar. Kanskje kan me seia at dåpsaksjonen har bidratt til at nedgangen ikkje har blitt større.

Analyse:

Ser me på utviklinga for i år isolert, kan det verka som om det er to motsette tendensar i dåpsutviklinga. I ein del sokn som ligg høgt i leveårsindeks er prosenten stabilt høg eller stigande, mens han i sokn med lågare score daler. Til dømes er det slik at eit bysokn som Stokka har jamt høge tal og til og med ei auke frå 2016 på 4,4 %. Dette kan forklarast med behov for høgtid og tradisjon, god økonomi og andre rammer som legg til rette for dåpsfeiring.

Ein del av dei tidlegare nokså rurale delane av Jæren er nå blitt meir urbane. Her kan me sjå trekk me tidlegare bare såg i byane, til dømes at fleire har ei meir utydeleg relasjon til kyrkja. Det siste ligg truleg bak at det framleis generelt er stor skilnad på by og land i oppslutning om dåp. Oppslutninga om dåp er best der tradisjonar og lokal tilknytning er ein tydeleg del av kulturen.

Når det blir spurt konkret etter kvifor foreldre ikkje vel dåp, handlar det om ein tendens til å leggja vekt på barna sin autonomi. I Haugesund har dei sett at ein stor del av barna som ikkje blir døypte, har foreldre der bare den eine er medlem av Den norske kyrkja.

I Tysvær kommenterer soknepresten at dei merker det på oppslutninga om dåp at foreldregenerasjonen nå ikkje har vore ein del av glansperioden for ungdomsarbeid.

Sjølv om mange av kyrkjelydane nå er klare over nedgangen i dåpstal, er det framleis ein del som har hatt svært høge tal i mange år som fyrst nå ser at tala går ned. Det tyder på at me har kyrkjelydar i ulike fasar som treng ulike tiltak i sitt arbeid med dåp.

Me ser at ikkje alle kyrkjelydar har stort nok fokus på dette. Hans Austnaberg ved VID Misjonshøgskulen stadfestar dette i si forskning på dåp. Funna viser at prestar og undervisningstilsette er meir bekymra for foreldra sin mangel på trusopplæring enn for at tala for dåp går ned. Samtidig er det klart at det er foreldra og deira haldning til kyrkje, tru og tradisjon som er viktigast for valet av dåp.

Hausten 2018 var det stor frustrasjon i kyrkjelydane over at kyrkja ikkje lenger kan senda invitasjonsbrev til dåp. Det er for tidleg å sjå følgjer av dette. Me høyrer om mange som møter denne utfordringa med tiltak, til dømes gjennom samarbeid med helsestasjonar og meir fokus på dåp på kyrkjelydsarrangement for målgruppa.

I 2018 har me regionalt hatt fokus på dåp gjennom fleire tiltak. Det eine tiltaket, dåpslunsj, samla over 150 tilsette til fagleg oppdatering og inspirasjon. Ein samling med *eit* fokus på ein slik måte kan sjå ut til å ha ein viss effekt på motivasjonen til dei tilsette. Me arbeider vidare med å sjå på behovet for slike samlingar.

Me deler kvart år ut restmiddel frå trusopplæringa til prosjekt i kyrkjelydane, mellom anna til kyrkjelydar som ønsker å utvikla dåpsarbeidet. Å motivera til utvikling er ein nøkkel i dette arbeidet.

Dåp er også stadig tema i prostemøte og andre faglege møtepunkt.

Vegen vidare:

I 2018 etablerte me ei tverrfagleg arbeidsgruppe for dåp, som skal meisla ut vegen vidare i dåpsarbeidet. Dei er godt i gang med arbeidet sitt. Førebels fokuserer arbeidet på å sikra kvalitet i dei tenestene kyrkjelydane tilbyr. Me ønsker å sikra at dåpsfamiliane får passande og god informasjon i forkant av dåp, at dei møter ei kyrkje som bryr seg i dåpssamtalen, at det blir ei høgtidsstund når barnet blir bore til dåp og at dei får presentert eit tilbod om trusopplæring fylt av liv.

Den største risikofaktoren i dåpsarbeidet er kva haldningar foreldre har til kyrkja og til dåp. At kyrkja nasjonalt nå satsar så tungt på dåp og kommunikasjon håper me vil bidra til at gode forteljingar om dåp blir meir synlege og inspirerer andre til å døypa.

Me vil også halda oppe fokuset på dåp i utviklingssamtalar, på visitas og fagsamlingar. Sjølv om det ikkje bare er direkte dåpsrelaterte tiltak som påverkar val om dåp, er det viktig at dåpsarbeidet held høg kvalitet og har fokus.

Me har utvikla ein dåpsplakat kalla «10 dropar om dåp», som er eit samtaleverktøy til bruk i lokale kyrkjelydar. Den kan skapa samtalar i små og store arbeidslag og skapa breitt eigarskap til dåpsarbeidet. Karmøy prosti skal ha dåp som tema på medarbeidardag.

I kommunikasjonen kan kyrkja også i større grad formidla at dåp ikkje krev bunad og sølvtøy, men er ein heilag handling alle kan få ta del i. Det finst mykje som kan seiast til foreldre om kva som eigentleg skjer i dåpen, slik at dei som uroar seg for valet kan få vita meir av kva det inneber.

2. OMFANGET I TRUSPPLÆRINGSTILBODET AUKAR

Nøkkelindikator: Gjennomsnittleg timetilbod i kyrkjelydane

Mål

Delmål: Omfanget av trusopplæringstilbodet aukar

Indikator: Opplæringstilbod i timar

Resultat, utvikling og vurdering av resultat

Den nasjonale norma for tilbodet i trusopplæringa er på 315 timar. I Stavanger bispedømme har talet på gjennomførte timar gått ned frå 351,3 til 327 timar frå 2017 til 2018. Frå 2016-2017 gjekk timetalet ned med bare 3,2 timar. Me er likevel over norma med god margin.

Talet for planlagde timar er 380, sokna ligg altså 53 timar under det dei har planlagt for 2018.

Kva ligg bak resultatet?

Ofte kan ulike hendingar på soknenivå gje store utslag på gjennomførte timar. Nokre av sokna har tiltak med mange timar. Viss dei har vakansar og kuttar timar, gjev det tydelege utslag. Mange er sårbare for endringar i bemanninga.

I arbeidet med planutvikling dei to siste åra har me også sett på talet på timar. Det kan tenkjast at fleire av sokna har eit noko lågare timetal nå enn i den førre planen.

Sjølv om kravet om kvantitet har vore viktig, har me og arbeidd målretta med kvalitet, slik at born og unge blir inviterte til eit solid arbeid kyrkjelyden kan vera stolt av. Me ser det som viktig at sokna brukar tid på å bygga opp tiltak på sikt, som så etter kvart kan nå breidda av born og unge. Viss ein startar mange nye tiltak utan tilstrekkeleg med ressursar, vil det ofte skada meir enn det gjer godt.

Vegen vidare

Me har fokus på omfanget av tilbodet i utviklingssamtalar, kurs, samlingar, visitasar og rettleiing. Me har opparbeida gode relasjonar til dei som jobbar med utviklingsarbeid i sokna. Me ser at dei har godt eigarskap til målet om å nå fleire barn og unge.

For å nå målet om auke i omfang er det særleg to faktorar som er avgjerande. For det fyrste krevst det stabile stabar som arbeider godt i lag. For det andre trengst det fleire frivillige, som bidrar med tid og kontinuitet.

Prestekonventet 2019 vil ha fokus på presten si rolle i stabssamarbeidet, i håp om at dette skal inspirera til meir samarbeid om trusopplæring i sokna.

Me arbeider jamt med å halda trykket på trusopplæring oppe. Omfanget har mykje å seia for i kva grad ein når dei store måla og for kor mange som blir med.

3. OPPSLUTNINGA OM TRUSOPPLÆRINGSTILTAK AUKAR

Indikator: Prosentdel deltakarar på nasjonale breiddetiltak

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Gjennomsnittleg oppslutning i trusopplæringstiltak				
Alder	Tiltak	2016	2017	2018
0 år	Samtale før dåp	101 %	98 %	102 %
4 år	Utdeling av bok	51 %	55 %	52 %
6 år*	Tidsavgrensa tiltak for 6-åringar	35 %	33 %	34 %
8 år	Tårnagenthelg	32 %	42 %	35 %
Ca. 11 år	Lys Vaken	35 %	31 %	30 %
15 år	Konfirmasjon	84 %	86 %	84 %
16 år	Tiltak året etter konfirmasjon	18 %	19 %	20 %

Tala viser at den gjennomsnittlege oppslutninga i trusopplæringstiltak i Stavanger bispedømme har halde seg relativt stabil dei siste åra.

Alle som har blitt døypt har fått samtale før dei blei døypte. Denne ordninga er innarbeidd som ein fast praksis og er ein svært viktig møtestad mellom kyrkje og kyrkjemedlemmane.

Fireårsboka og det tidsavgrensa breiddetiltaket for 6-åringar har hatt nokså jamn oppslutning dei siste åra. Mens 4-års tiltaket held seg litt over 50 %, ligg tiltaket for 6-åringar kring 35 %. Å etablera tradisjonar gjev på sikt god oppslutning.

Tårnagenthelga er relativt ny, men har blitt populær i kyrkjelydane. Det ser ut til å vere eit tiltak som fungerer svært godt mange stader. Det var eit særleg oppsving i 2017. I 2018 er tiltaket tilbake på 35 % oppslutning, litt høgre enn 2016-nivået. Mange kyrkjelydar rapporterer om stor trivsel blant borna på dette tiltaket.

Lys vaken er eit omfattande tiltak, som krev mykje ressursar. Det har vore ein jamn nedgang i tiltaket sidan 2016. Me kjenner ikkje til årsaka, men veit om at tiltaket nokre gongar blir avlyst eller utsett i periodar med vakansar og mindre kapasitet hjå dei tilsette.

Breiddetiltak for ungdom året etter konfirmasjon viser ein jamn oppgang dei siste åra. Det er gledeleg.

Analyse

Når me ser på dei samla tala for oppslutninga om breiddetiltaka i, så held dei seg relativt jamne. Det er vanskeleg å seie noko om kvifor tala ikkje aukar. Viss det ikkje hadde vore for den innsatsen kyrkjelydane gjer, hadde tala vore lågare.

Samanlikna med situasjonen før reforma er det flott at mellom ein tredel og halvparten av alle døypte er med på tiltaka i dei to fyrste fasane, mens 84 % av dei døypte følgjer konfirmasjonsundervisninga. I eit samfunn med eit hav av tilbod og digitale freistingar, er det flott at så mange blir med på tilboda som kyrkjelydane i bispedømmet har.

Noko av grunnen til at ikkje alle blir med er alltid konkret. Det er ikkje alltid tidspunkt eller utforming av tiltak passar for alle. Deltakinga kjem også ofte i bølger, viss mange blir med, blir det fleire, men viss det er få, kan det vera vanskeleg å få med breidda. I Karmøy prosti tek

dei ofte personleg kontakt med nokre av foreldra for å få påmeldinga i gang, og det fører til høgre deltaking.

Dei nasjonale konseptane som Kyrkerådet har laga i samband med breiddetiltaka, har vore positive for kyrkjelydane. Slike felleskonsept har ført til at ein kan bruka ressursane på andre delar av verksemda enn tiltaksutvikling. Det at alle sokna har dei same tiltaka, har og vore positivt for felles marknadsføring og gjort det lettare å rekruttera breitt.

Vegen vidare

Me arbeider strategisk og systematisk inn mot kyrkjelydane for å auka oppslutninga og lyfta kvaliteten på tiltaka. Me har laga ein årsplan som kyrkjelydane følgjer. Dei fyrste sokna som fekk godkjent plan, er nå inne i ein revisjon eller utvikling av planen. Eitt år har me minikurs i planutvikling og det neste året møter me sokna og vurderer det dei har jobba med i planen det siste året. Dei andre sokna er med på ein kreativ verkstad, der me arbeider med dimensjonane i trusopplæringa og andre delar av planen.

I tillegg til dette går me igjennom årsrapportane med kyrkjelydane og utfordrar dei på tal og oppslutnad.

Vidare er det eit kontinuerleg arbeid med kyrkjelydane inn mot visitasar, kurs og samlingar som me arrangerer. Me arrangerer forum for trusopplæring kvart år, med fokus på sentrale delar av trusopplæringa. Dette er med på å styrka kvaliteten i arbeidet i sokna.

Kyrkjelydane har nå arbeidd i fleire år med breiddetiltaka. I periodar har me sett at det har vore krevjande å halda trykket og motet oppe. Det har og skjedd mykje i samfunnet på desse åra. Me trur at tida nå er inne for å sjå på breiddetiltaka i eit nytt lys. Det kan vere tid for å undersøka om me skal halda fram som før, eller om me må fornya tiltaka i større eller mindre grad (særleg Lys Vaken, som har hatt ein nedgang). Me ser derfor for oss ei samling med alle kontaktpersonene i trusopplæringa i 2020. På denne samlinga ønsker me å jobbe med breiddetiltaka, med tanke på fornying og utvikling.

Elles er det godt etablerte rutinar og arenaar for oppfølginga av trusopplæringa. Desse fungerer godt og vil bli brukt vidare. Den organisatoriske ramma rundt trusopplæring fører til tettare oppfølging på ein måte som hever kvalitet og skapar fokus på om arbeidet er målretta og bidrar til vekst.

Det er framleis behov for å fokusera på korleis tiltaka kan formidla eit innhald deltakarane kan ta med seg inn i livet og kvardagen. Det har me stort fokus på. Me må sikra at bibelforteljingar blir kopla til livet, at det blir skapt relasjonar mellom deltakarar og kyrkja, og at deltakarane opplever omsorg og interesse i praksis. For at trusopplæringa skal ha varig effekt, må bibelforteljingar og opplevingar koplast til liv og kvardag.

Me trur at satsinga på trusopplæringa dei siste åra har auka mange born sin tilknytning til kyrkja. Det kan vera ein av grunnene til at konfirmanttalet framleis held seg relativt stabilt.

4. OPPSLUTNINGA OM KONFIRMASJON BLIR HALDEN OPPE

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Det har vore ein jamn nedgang i konfirmasjonsprosenten av dei døypte i bispedømmet dei siste åra. Prosenten har falt frå 92 % i 2010 til 85 % i 2018. Frå 2015 til 2017 var oppslutninga stabil, men i 2018 gjekk oppslutninga ned med 2 % frå året før.

Det har også blitt færre døypte og tilhøyrande som konfirmerer seg sidan 2010. I fjor var det likevel ein liten oppgang i denne gruppa, på eit prosentpoeng, til 80 %.

Den største endringa gjeld konfirmasjonsprosenten av alle i årskullet. Prosenten har gått ned med nesten 10 % frå 2010, men har halde seg stabil dei siste åra, på 63/64 %. Her speglar resultatet også i stor grad befolkningsutviklinga, der ein mindre del av folket høyrer til kyrkja i utgangspunktet. Dette forklarar ikkje heile nedgangen, men ein vesentleg del av han.

Det er større konkurranse om konfirmantane enn før, både generelt og i tilbod om konfirmasjon. Andre kyrkjesamfunn og kristne forsamlingar har eit meir aktivt konfirmasjonsarbeid enn før. Borgarleg konfirmasjon blir også aktivt marknadsført. Mange unge kjenner nok på ein kamp om merksemda, og fleire vel å slå fylgje med venene der dei går. Derfor ser me ein del større lokale svingingar.

Fallet i oppslutning kan også vera eit teikn på at tilknytninga til kyrkja ikkje er like stor blant dei unge og foreldra deira og at det påverkar det valet dei tek når det gjeld konfirmasjon. Vanskelege forhold i familien kan også gjera at nokon synest konfirmasjonen er vanskeleg å feira saman. Samtidig er det flott, på trass av kjende sekulariseringstendensar, at så mange trass alt vel å konfirmere seg i kyrkja.

Det er interessant at prosenten av døypte har gått litt ned, mens prosenten av tilhøyrande har gått litt opp, utan at me heilt veit kvifor. Kanskje har det blitt lågare terskel for dåp i løpet av konfirmasjonstida.

Konfirmasjon					
	2010	2015	2016	2017	2018
Konfirmasjonsprosent av døypte	92 %	87 %	88 %	87 %	85 %
Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande	86 %	81 %	83 %	79 %	80 %
Konfirmasjonsprosent av alle	73 %	64 %	64 %	63 %	64 %
Konfirmerte	4421	4005	3926	3749	3727

Samanhengen mellom tiltak og resultat:

Me har fokusert på innhaldet i konfirmasjonsundervisninga dei siste åra. I 2016/17 hadde me kurs i alle prosti for dei konfirmantansvarlege i kyrkjelydane. Kursa hadde fokus på nyare forskning på konfirmasjon, metodefornying, og planskriving. Målet med planarbeidet har vore at undervisninga skal vera aktuell og livsnær for konfirmantane. Planen skal henga saman med resten av den lokale planen for trusopplæring, og innehalde samlingar med mål, aspekt, arbeidsmåtar og ansvar. I forlenginga av kursa har nesten alle kyrkjelydane nå levert inn plan for konfirmantarbeidet.

Gjennomgangen av planane viser at det er gjort eit godt arbeid, og at det har vore mange gode prosessar i stabane kring utarbeidinga av planane. Fleire i stab og kyrkjelyd er engasjerte og involverte i undervisninga og har eigarskap til konfirmantarbeidet. Kyrkjelydane har systematisert innhaldet i planane og fornya seg når det gjeld metodar og innsteg. Me håpar dette på sikt vil bidra til at konfirmantane får gode erfaringar, får ein god relasjon til kyrkja og ei kjensle av å høyra til.

Vegen vidare

Framover vil me ferdigstillast oppfølginga av dei nye konfirmantplanane og trekka ut kunnskap frå desse som kan føre feltet vidare framover.

Me har og starta eit prosjekt om gudstenester i konfirmasjonstida. Det kjem stadig rapportar frå kyrkjelydane om at konfirmantar opplever at gudstenestene ikkje kjennes relevante og at dei verker meir demotiverande enn rekrutterande. Dette er noko me ønsker å gjera noko med. Mellom anna vil eit innslag på prestekonventet handla om gudstenestene i konfirmasjonstida.

Vidare har me fått nokre rapportar om krevjande konfirmantkull, med spørsmål om korleis ein kan møte dette på ein konstruktiv måte. Viss konfirmantundervisninga ikkje fungerer og kjennest som ein god stad å vera, vil det på sikt svekka oppslutninga og utbyttet konfirmantane får. På konventet i 2019 blir det også eit innslag om verdibasert leing av ungdom i grupper. Vidare vil det vera viktig å halda fokuset på holistisk pedagogikk, der heile mennesket blir sett og møtt.

I Stavanger har dei eit nytt prosjekt, «Konfirmant i sentrum». Fleire kyrkjelydar samarbeider om konfirmantarbeidet, slik at det blir eit breiare aktivitetstilbod. Dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane er også involverte, mellom anna for å bygga bru til vidare kontinuerleg arbeid. Me vil gjerne samarbeida meir med organisasjonane.



Konfirmantar i Nedstrand kyrkjelyd saman med sokneprest Dag Tormod Milje.

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

1. DIAKONI

a) Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

Nøkkelindikator: *Tal på kyrkjelydar med godkjent plan*

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Tal på kyrkjelydar med diakoniplan 2009-2016							
	2009	2010	2011	2012	2013	2014-2017	2018
Sokn (91) med lokal plan for diakoni	25	45	67	70	73	77	81

I 2018 har me hatt fagdagar om utarbeiding av lokale planar i Vindafjord, Finnøy og Rennesøy, der me har ti av dei minste sokna i bispedømmet og fleire sokn som har mangla diakoniplanar. I årsstatistikken verkar det til å ha vore ei underrapportering av planar som er ferdigstilte etter desse fagdagan. Me kjenner til at det nå er 81 ferdigstilte planar.²

I tillegg til dette har tre kyrkjelydar utarbeidd plan for heile kyrkjelydsarbeidet. Her er diakonien med og gjennomsyrrer arbeidet i kyrkjelyden, i tillegg til å vera ein sektor.

Kva påverkar resultatet?

Ingen av dei 10 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan har tilsett diakon eller oppretta diakoniutval. Å ha diakon eller diakoniutval har mykje å seia for eit strategisk arbeid med diakonale utfordringar i kyrkjelyden. For å få til ein lokal plan, må dei tilsette i soknet eller soknerådet motiverast til å engasjera seg.

Vegen vidare

Frå 2019 vil ikkje diakoniplan lenger vera ein indikator på dette punktet. Me vil framleis nytta planar som eit verktøy til å arbeida systematisk og målretta med diakoni, men gjerne innan ramma av felles strategiar og planar for kyrkjelydsarbeidet.

Dei aller fleste av dei kyrkjelydane som nå ikkje har plan, er små kyrkjelydar med få tilsette. Til desse kyrkjelydane er det utvikla ein enklare mal for utforming av lokal diakoniplan som dei kan bruka.

b) Fleire kyrkjelydar blir grøne kyrkjelydar.

Resultat og utvikling

Me har 21 grøne kyrkjelydar, 16 miljøsertifiserte kyrkjelydar og fire miljøsertifiserte fellesråd. I løpet av dette året har me ikkje fått nye «grøne kyrkjelydar». Konseptet er fleire år gammalt og vekker ikkje same interesse som før. For å koma i gang, trengst det nokon som har engasjement for dette i soknerådet. Me set framleis fokus på dette på visitasar.

Bispedømmekontoret ble i desember resertifisert som miljøfyrtårn.

² Årsstatistikken seier at det framleis bare er 77 planar, så her er nok tal kopierte frå sist år litt for fort.

Det nye i 2018 er at ungdomsrådet i Bogafjell ønsker å bli «grønare» i ungdomsarbeidet sitt. Dei ønsker å bli sertifiserte som «Grøn ungdomskyrkjelyd». For å få til det, treng dei nokre tilpassingar av konseptet, og ein prosess med dette er i gang. Ungdomsrådet har laga eit forslag til ein ny brosjyre med moglege tiltak, i eit språk tilpassa ungdom. Kyrkjelyden, bispedømmerådet og Kyrkjerådet samarbeider om vegen vidare, som kan bli eit konsept som kan brukast fleire stader.

Vegen vidare

Grøne kyrkjelydar er også teke ut av målformuleringane for diakonien. Bispedømmet har satsing på klima i strategien for 2019-2021, men ikkje nødvendigvis knytt til konseptet med grønne kyrkjelydar. Me vil sjå etter kva som skal til for å skapa endring i møte med klimautfordringane.

c) Andre diakonale fokusområde i 2019

Diakonien er eit viktig satsingsområde i bispedømmet, også ut over det som er reflektert i nasjonale mål og indikatorar. Noko av dette vil me også ta med i årsrapporten.

Samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet

Det finst eit «Samhandlingsforum for kyrkje og helse» i bispedømmet. Forumet stimulerer til lokale tiltak og støttar opp om desse. Det arrangerer konferansar og samlingar for å auka kompetansen i kyrkje og helsevesen og gje grunnlag for samarbeid. Det finst fleire lokale samarbeidsprosjekt mellom kyrkje og kommune. Til dømes har kyrkja i Haugesund utvikla eit kurs for tilsette i helsetenesta om "Eksistensiell og åndeleg omsorg for alvorleg sjuke og døyande, i kommunehelsetenesta." Dette er eit vellukka prosjekt både kyrkje og kommune er stolte av.

For å halda fokus på dette oppe, arrangerer me nettverkssamlingar for kyrkjeleg tilsette som er involverte i helse-kyrkje-samarbeid. I år var fokuset på pasientar sitt behov for åndeleg og eksistensiell støtte, korleis ein samarbeider med kommunen sine palliative tenester og korleis «sånn er livet-grupper» kan vera ein arbeidsmåte kyrkja kan tilby på sjukeheimar og dagsenter.

Me ser at helse-kyrkjesamarbeidet skaper gode relasjonar mellom kyrkje og kommune og møter reelle og viktige diakonale behov.

Førebygging og handtering av seksuelle krenkingar

I løpet av 2017-2018 har me hatt ein kursrunde for tilsette og frivillige medarbeidarar i alle prostia i bispedømmet om førebygging og handtering av krenkingar. Me har sett at kyrkjelydane ikkje sjølv oppsøker alle ressursane som finst og at det er nødvendig og gjera desse kjende. Dette kurset verkar også positivt som generell leiartrening og kvalitetsarbeid. Me bruker ressursar frå Kyrkjeleg ressurscenter mot vald og seksuelle overgrep. Kurset fører til at saker kjem opp og blir handterte på ein betre måte, sjølv om dei er vanskelege.

Krise- og beredskapsarbeid

Kyrkjerådet sende i 2016 ut malar for å dokumentera samarbeidet mellom kyrkja og kommunar om psykososial omsorg ved større kriser ogulukker. Dette har me arbeidd systematisk med å fylgja opp i 2018. Pr. i dag finst det tre lokale kommunale avtalar (Stavanger, Sola, Time og Randaberg), og fleire kommunar er i prosess med å underteikna planane. Me har også kontakt med det felles helsefaglege kriseteamet for legevakta i Stavangerregionen.

Diakonalt arbeid i kyrkjelydane ut frå SSB-statistikken.

Eldretilbod

Det blir rapportert om færre tilbod til eldre i 2018 enn i 2017. Viss tala stemmer, er endringa markant, frå 556 til 328. Dette er framleis over tre tilbod pr. kyrkjelyd.

Eldre i dag er friskare enn tidlegare, reiser meir, passar barnebarn og går ikkje nødvendigvis på tradisjonelle eldretreff. Samtidig er dette ei viktig gruppe for kyrkja som ressurs. Dei har i utgangspunktet meir tid tilgjengeleg enn dei som har omsorg for barn og er i arbeid, sjølv om mange pensjonistar på sitt vis også opplever seg som travle.

Me har sett fellesskapsbygging blant eldre som eit av moglege fokusområde for nye diakonstillingar og har fått inn søknadar her.

Sjelesorgsamtalar

På dette området blir det underrapportering, sidan det bare er samtalar i regi av vigsle diakonar som blir talt. Sjølv om det er slik, blir det rapportert om 2300 samtalar i 2018, meir enn i 2017.

Institusjonsandaktar

Det har blitt færre institusjonsandaktar. Talet er gått ned frå 2558 (2017) til 2346 (2018). Endringa kjem delvis av prioriteringar av prestane si arbeidstid, etter det nye arbeidstidsreglementet kom på plass. Dette er eit område der kyrkjelydane gjerne kan engasjera frivillige.

Andre diakonale tilbod

Det har blitt færre tilbod til flyktningar, færre sorggrupper, færre kyrkjelydsturar og færre besøk i besøksteneste. Generelt ser aktivitetsnivået ut til å gå ned, ut frå mindre kapasitet hjå frivillige og tilsette eller mindre interesse. Talet på ekteskapsgrupper har gått opp.

Vegen vidare.

Frå 2019 kjem det nye indikatorar for diakoni.

Bispedømmet kom i gang med prosessen for å tildela middel til nye diakonstillingar mot slutten av 2018. Me sette i gang ein rask og enkel søknadsprosess, der fellesråd kunne skissera aktuelle prosjekt, med fokus på ungdomsdiakoni, flyktningar eller eldre. Me har fått inn mange aktuelle søknadar og vil truleg kunna komma i gang med nye stillingar frå hausten av.

Kyrkjelydane har også etablert mange tiltak og arbeidsformer for dei som er nye i Norge. Det finst språkkafear, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, norskkurs, ALPHA-kurs, leksehjelp, treningstilbod, hobbykveldar for innvandrar kvinner og samarbeid med NAV om integreringsprogram og religionsdialog.

Fleire av desse aktivitetane skjer i samarbeid med KIA Rogaland. Det finst lokale møtestader for god integrering i Hå, Gjesdal, Strand, Stavanger og Sandnes, med møtepunkt kvar veke. Nokre flyktningar og asylsøkarar har nærma seg kyrkjelyden gjennom desse aktivitetane. Det finst altså godt grunnlag for å bygga dette arbeidet vidare ut.

2. FLEIRE KYRKJELYDAR ER ENGASJERTE FOR MISJON

Mål: Fleire kyrkjelydar blir engasjerte for misjon

Indikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

Resultat og utvikling

Talet på misjonsavtalar har vore stabilt dei siste åra. Ved utgangen av 2018 var det registrert 131 misjonsavtalar, kor 105 av desse var innan ramma av «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM). Dette er ei auke på ein avtale frå 2017.

Det finst altså 26 «private» misjonsavtalar. Desse skapar ofte lokalt engasjement, men er meir sårbare på lang sikt. Bispedømmet oppmuntrar alle kyrkjelydar til å ha avtalar med SMM-organisasjonane, mellom anna gjennom visitasar. 11 av dei 92 sokna har ikkje avtale med SMM, mens andre har avtalar med fleire av SMM-organisasjonane.

Hovudsakleg ser me at val av avtale har med tradisjonar i soknet eller personleg engasjement i kyrkjelyden. Der det er tilknytning mellom folk og prosjekt blir engasjementet alltid merkbart større.

I 2017 gav dei 104 avtalane med SMM organisasjonar ei gjennomsnittleg inntekt på 41 800 kroner per avtale. For 2018 ser me ei samla nedgang på 20% i inntekt. Dette er alvorleg og tyder på at det ikkje er nok fokus på misjonsavtalane i kyrkjelydane.

Det har tradisjonelt sett vore ein utbreidd praksis med misjonsutval. Me ser ei tydeleg endring i dette, kor ansvaret meir blir lagt på dagleg leiar og sokneprest. Dette fungerer fint nokre stadar, mens det andre stadar gjev lågare engasjement.

Kva ligg bak resultatet?

Dei største reduksjonane i inntekt ser me i dei kyrkjelydane som tradisjonelt har hatt store inntekter. Nokre større arrangement og tiltak, konsertar, gallamiddagar eller basarar, som var store suksessar i 2017, blei ikkje gjennomførte i 2018. Dette verkar å ha størst påverknad på resultatet.

Organisasjonane melder at dei ofte ikkje har ressursar til å fylgja opp sine lokale avtalar, litt varierende frå organisasjon til organisasjon.

Fleire stadar i bispedømmet har ein tidlegare misjonærar som bidrar positivt. Me ser også at når det blir organisert turar i regi av kyrkjelyd eller samarbeidsorganisasjon som er direkte knytt til misjonsprosjekt og land, gjev det stort eigarskap. Slike tiltak kostar å gjennomføra, men gjev stor gevinst i etterkant.

Vegen vidare

SMMS ser at det er behov for fornya fokus på misjon. Me har planar om ein fagdag i året som kjem og vil setja misjon på dagsorden i prostemøte og med bispedømmerådet. Me satsar også på misjonsengasjement blant ungdom og har planlagt konkrete tiltak, til dømes misjonsfokus på større ungdomsarrangement.

Me har tildelt prosjektmiddel til tre kyrkjelydar som vil arrangera misjonsturar for ungdom.

For å styrka det lokale fokuset på misjon, står også besøk i stabar på programmet det kommande året.

3. KYRKJA BLIR MEIR TILGJENGELEG PÅ INTERNETT

Mål: Kyrkja blir meir tilgjengeleg for fleire på internett

Nøkkelindikator: Talet på treff på nettsider

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

I 2018 var det 57.000 økter på www.kirken.no/stavanger. Det er ein auke på 17.000 frå 2017. Me hadde 224.000 sidevisningar og 31.000 brukerar, samanlikna med 168.000 sidevisningar og 23.000 brukerar i 2017. Dette er ein tydeleg og positiv auke, som speglar både medviten satsing på nettstaden, eit ekstraordinært år og fleire følgjarar på Facebook.

På Facebook har følgjarskaren til «Stavanger bispedømme» gått frå 399 ved starten av året til 644 ved utgangen. Det er ein fin oppgang, men framleis ligg tala godt under det me ville forventa av følgjarar på ei side for ein såkalla «offentleg person», som biskopen.

Innlegget som nådde flest var Ivar Brauts sin avgang (rekkevidde på 6.500), nest mest var om slutt på invitasjon til dåp (over 6.000). Innlegget i mars om at fokus på dåp i bispedømmet dei siste åra har gitt resultat, nådde 5.400, derav var 3.500 betalt for kroner 300,-. Sponsing på Facebook er ei effektiv måte å nå langt ut med budskap som er strategisk viktige for oss. Eit gjennomsnittleg Facebook-innlegg nådde 1.000 personar og fekk rundt 200 klikk på innlegget. Dei innlegga som når langt fleire handlar om personar: Vigslingar, nye prestar og personar som fortel ei historie.

Kva ligg bak resultatet?

Meir aktivitet speglar eit år med mykje offentleg interesse rundt bisperolla. Biskop Ivar sin avgang og nomineringsrunda til ny biskop har vore blant sakene som flest har lest. Innlegg frå konstituert biskop har nådd langt ut og fått god respons. Dette dreier seg om innlegg med klar forkynning og tydeleg avsendar, noko Facebook-følgjarane våre ser ut til å like.

Når det gjeld kommunikasjon, påverkar innsatsen resultatet. Hyppige postar på nettstad og Facebook trengst for å nå ut og nå gjennom. Informasjon, innlegg og saker som speglar at bispedømmet kan vere ein ressurs og ein høgtalar for sokna, vil både få god respons og gje gode signal rundt kva rolle bispedømmet kan ha i kommunikasjonsarbeidet til kyrkja.

Vegen vidare

Mediesamfunnet utfordrar kyrkja til å bli meir synleg. Innhaldet på bispedømmenivå kan fort bli for «spesielt interesserte». Samtidig skal me løfta fram ein budskap for alle og «vera ein naturleg del av menneske sitt digitale liv gjennom eit aktivt, ope og levande nærvær».

Det er mogeleg at det trengs ei ny felles forståing av kva funksjon nettstaden vår skal ha som kommunikasjonsplattform, samanstilt med intranettet og Facebook. Vidare må me jobba for betre avklaring mellom ekstern og intern kommunikasjon, mellom anna gjennom å inspirera endå fleire fellesråd og sokn til å ta i bruk intranettet.

Det skal etablerast ein ny Facebook-side for biskopen. Det vil gje ein god og tydeleg tilleggsstemme for kyrkja inn i det offentlege rommet.

Det er gjerne på lokalnivå i sokna at me først og fremst ynskjer at folk møter kyrkja på nett. Å vera ein ressurs for dette arbeidet er eit viktig fokus vidare. Likevel er bispedømmet eit nivå som kan famna, løfta fram og gje felles inspirasjon til at kyrkja er synleg på ulike vis på nett.

4. FLEIRE TEK DEL I PILEGRIMSARBEIDET

Nøkkelindikator: *Tal på arrangement og deltaking.*

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Pilegrimsarbeid			
Arrangement	2016	2017	2018
Lokale pilegrimsvandringar	14	19	17
Deltakarar	514	446	368
Pilegrimsgudstenester	6	5	4
Deltakarar	510	319	289
Andre pilegrimsarrangement	3	4	5
Deltakarar	70	240	220
Pilegrimsarrangement totalt	23	29	26
Deltakare på pilegrimsarrangement, totalt	1094	1005	877
Tal på prosti med pilegrimsarrangement	8	8	8

Kva ligg bak resultatet?

I 2018 ser me at tala på pilegrimsarrangement har gått ned. Talet på deltakarar har gått markert ned. Det er pilegrimsaktivitet i åtte av prostia i bispedømmet, og i fire prosti er det aktive pilegrimsutval som er ansvarlege for aktivitetane. Det meste av aktiviteten innan pilegrimsfelt er planlagt og leia av frivillige. Nokre av arrangementa er faste tradisjonar.

I juni 2018 hadde me ein flott opningsmarkering for kystpilegrimsleia i Rogaland, med mange av dei politiske leiarane i regionen til stades. Me fekk skapt forståing, for kva det vil seie å være kystpilegrim, bygt relasjonar og vist fram nykkelstader langs leia i Rogaland. Me arrangerte ein tur langs kystpilegrimsleia i juni. Slike tiltak er viktige for å skapa engasjement, spreia kunnskap og halda liv i kystpilegrimsleia i tida før den står på egne bein. Viss det skjer, vil me sjå eit mykje større volum.

Vegen vidare

Me held kontakt med og tek vare på det lokale engasjementet, mellom anna gjennom pilegrimsforum. Me arbeidar for å auka kompetansen og inspirera fleire til å nytte pilegrimsmotivet i kyrkjelydane.

Dei siste åra har me brukt mykje tid på arbeida med Kystpilegrimsleia. Det er framleis noko igjen før med er i mål. I 2019 vil me ha fokus på å få opp ein driftsform og finansiering som gjer at leia blir tilgjengeleg for alle som vil nytta ho.

Me vil også arbeida vidare med prosjektet Riksveg 13. Prosjektet har fokus på å gjera kyrkjene som ligg langs vegen opne og tilgjengelege for dei som reiser Riksveg 13. Forprosjektet i 2018 har foreslått ein mal på korleis ein kan gjere informasjon om kyrkjene tilgjengeleg. Dette prosjektet passer godt saman med eit større og viktig arbeid, som handlar om *opne kyrkjer*.

Etter lanseringa av boka «Sansen for det hellige» våren 2018, har me halde kurs med utgangspunkt i boka. Gjennom det lyfter me fram kyrkjeromma og inspirerer til å ta i bruk sansane. Me opplever at dette stoffet treff mange og at det er stor interesse for boka og kursa. Dette fokuset vil me arbeida vidare med, gjennom kurs og samlingar og det passar godt saman med ønsket om fleire opne kyrkjer.

5. STYRKA KYRKJA SIN INNSATS I DIALOGARBEIDET

Nøkkelindikator: Talet på møtepunkt der kyrkja er med

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Arbeidet med religionsdialog i Stavanger bispedømme skjer fyrst og fremst gjennom Kyrkjeleg dialogsentert, som biskopen i Stavanger tok initiativ til å oppretta i 2012. Biskopen er styreleiar i dialogsentert.

Dialogsentert har hatt eit år med høg aktivitet på fleire område. Talet på deltakarar på ulike arrangement i 2018 ligg på nesten 3500. Desse har vore med på ulike dialogkveldar, seminar, messer og meditasjonar, i tillegg til dialogmiddager, besøk av Snåsamannen og ulike aktivitetar for ungdom.

Dei fleste tiltaka skjer i samarbeid med andre, særleg med det lokale Samarbeidsrådet for Trus- og Livssynssamfunn. Dialogsentert har i 2018 samarbeida særleg nært med Domkyrkja og St Petri sokn og St Johannes sokn, og har i tillegg vore med på dialogverksemd saman med kyrkjelydane i Haugesund og Eigersund. For tredje gong gjennomførte Dialogsentert og Domkyrkja eit fredsmåltid under Gladmat-festivalen.

Gjennom dei tre siste åra har det blitt satsa mykje på den bilaterale dialogen mellom kyrkja og muslimane. Ei gruppe har hatt møte fire gongar i året. Dialogprest og imam har saman deltatt på fleire samlingar i kyrkjelyder og i regi av andre aktørar, der dei saman har presentert skilnadar og likskap mellom islam og kristendom. Prest og imam besøker også flyktningar i mottak og orienterer saman om tru og religion i Noreg.

Dialogsentert har også jamt samarbeid og dialog med nyåndelege miljø, gjennom alternativmesser, seminar og kurs.

Vegen vidare

Dei faste, opne aktivitetane i Dialogsentert har festa seg som viktige tilbod for ei veksende gruppe menneske. Utviklinga frå 2012 har vist ein jamn vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs (frå 50 % til 150 % stilling) og samarbeid med kyrkjelydar, trus- og livssynssamfunn og andre aktørar.

Framover vil dialogsentert satsa på jamn aktivitet i heile bispedømmet. Prosjektet «Unge i Dialog» har i praksis blitt et fast tiltak med mange skulebesøk og ulike tilbod til studentar. Det vil vera ei prioritert satsing også i åra som kjem.

Me vurderer det som hensiktsmessig at dialogarbeidet skjer gjennom dialogsentert, men har også behov for å ha god kontakt mellom dialogsentert, kyrkje og kyrkjelydar elles.

6. UNGDOMSDEMOKRATIET 2018

Ungdomsrådet hadde seks møte og behandla 67 saker i 2018. Me har hatt eit engasjert og aktivt ungdomsråd.

Rådet har arbeidd mykje med formidling og å med å vera synlege i sosiale media. Dei har besøkt fire kyrkjelydar i bispedømmet, med informasjon om ungdomsdemokratiet og fokus på rettferd, gjennom rettferdsspelet. Hovudtema for året var «sunne og usunne miljø».

Ungdomstinget blei arrangert 8.-11. november, med 48 ungdommar til stades. Totalt 21 sokn var representert. Det krev mykje arbeid å rekruttera til ungdomstinget, som ikkje blir synleg i kyrkjelydane av seg sjølv.

Ungdomstinget behandla to saker. Dei følgde opp fokussaka frå Ungdommens Kyrkjemøte, «Konfirmert – kva nå?». Sjølv hadde dei arbeidd fram saka «Tabu i kyrkja». Mellom anna med bakgrunn i «Kirkens unge» var det representantar frå MF, TF og VID, NMSU, KRIK og Skjærgårds Live til stades.

Me arbeider for større opplutning om ungdomstinget, men møter utfordringar med lågt eigarskap i kyrkjelydane. Me ser etter ei form på arrangementet som kan skapa sterkare engasjement for ungdomsarbeid i kyrkjelydane og utvida målgruppa. For å få til det vil me besøka ungdomsting i andre bispedømme for å læra. Me treng inspirerende og motiverende rammer rundt dei demokratiske prosessane og skapa tru på større utbytte for deltakarane.

Me arbeider også med å styrka sambandet mellom ungdomsdemokratiet og verksemda elles i bispedømmet, gjennom å fylgja opp resolusjonar systematisk på andre arenaar.



Nytt ungdomsråd ble valt på UT 2018: Therese Egebakken (UR), Aksel Johan Lund (UR), Sofia Jonassen (UR, ikke tilstede på bildet), Kristoffer Nåden Havn (UR), Sondre Søndervik (UR), Erlend Fuglestad (UR), Magnar Hole (vara), Mathilde Gilberg (vara) og Kristina Elverhaug (vara).

Fleire får lyst til å jobba i kyrkja

1. REKRUTTERINGA TIL VIGSLA STILLINGAR BLIR STYRKA

Mål: Ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje.

*Indikatorar: Talet på vigslingar,
Utlysing, søknadar og tilsettingar i prestetenesta
Prestedekning
Alderssamansetning og stillingskategoriar
Kyrkjelege handlingar pr. prest*

Rekruttering av kantorar, diakonar og kateketar

Det er stor grad av stabilitet blant kyrkjemusikarane i bispedømmet. Der dei har 100% stilling er det mindre utskifting.

Me har fått søknad frå ein kyrkjemusikar som ønsker å bli vigsla. Dette er ikkje så enkelt med base i vårt område, så me ser eit klart behov for betre ordningar for vidareutdanning for kyrkjemusikarar. I dag er det ikkje mogleg å kunne ta fag på deltid ved sidan av full jobb. Me håper Norges Musikkhøgskule vi sjå på det.

Mange av kyrkjemusikarane har orgelelevar. I Stavanger har ein frå 2018 fått samarbeid med Kulturskulen om å tilby undervisning i orgel. Me håper dette kan gje grunnlag for å få på plass igjen eit studium i kyrkjemusikk ved Universitetet i Stavanger. Me har fått mange av dei som er kantorar i bispedømmet herifrå.

Det er også stor stabilitet i diakongruppa, med tilstrekkeleg tal på søkarar når stillingar blir ledige.

Det har blitt utdanna få kateketar dei siste åra. Fleire fellestråd i bispedømmet har hatt problem med å få kvalifiserte søkarar til kateketstillingane sine. Det er ei krevjande utfordring.

Det er fleire grunner til at så få utdannar seg til kateket. Yrket er relativt ukjent, og det gjer at få søker til utdanninga. Det har også vore komplisert å fullføre utdanninga for dei som saknar ulike komponentar. Det er positivt at fleire instansar nå har teke tak i dette, mellom anna Kyrkjerådet, KA og MF.

Bispedømmerådet held fast på at viss ein tilset folk i kateketstillingar med refusjon frå BDR, blir tilskotet mindre. Dei som blir tilsette må forplikta seg til å ta den utdanninga som trengst for å bli vigsla til kateketteneste.

Sidan yrket er ukjent, er det fint å bruka vigslingar til å gjera yrket kjent i lokale og sosiale media. Me treng også at kateketar gjer yrket sitt kjent gjennom eiga teneste.

Rekruttering og bemanning i prestetenesta

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Medlemstal og talet på tenester pr. prest viser at det er høgt press på prestetenesta i bispedømmet. I tillegg til dei faste oppgåvene har også kyrkjelydane høgt aktivitetsnivå. Me har dyktige, motiverte og effektive prestar, men ser at dei ofte er pressa på tid.

Det er ingen stillingar i bispedømmet som manglar søkarar. Rekrutteringssituasjonen er likevel annleis enn for nokre år sidan. Det er ikkje like stor konkurranse om stillingane. Nokre stader har det vore vanskeleg å finna søkarar som ein ser vil kunne møte dei aktuelle oppgåvene på ein trygg og god måte, men dette har lukkast til slutt.

Til dels heng denne situasjonen saman med aktivitetsnivået. Dei fleste stillingane krev høg kompetanse og kapasitet.

Balansen mellom ressursar brukt på administrasjon og presteskap ligg på det nasjonale gjennomsnittet.

Det var åtte utlyste stillingar i 2017. Prestane i bispedømmet er altså relativt stabile. Me ser at sokneprestar sjeldnare enn før søker ny stilling. Bare 2 av 44 søkarar i fjor var allereie tilsett i bispedømmet. Det er stort sett ved pensjon prestar avsluttar tenesta.

Nær to tredelar av prestane i bispedømmet er over 40 år, og over ein av tre er over 60 år. Bispedømmet har det eldste presteskapet i landet og vil ha stort behov for nyrekruttering i tida framover.

Ein prest blei vigsla til presteneste i 2018. I rapporteringsperioden var det ikkje vigslingar til andre stillingsgrupper.

Kva ligg bak resultatet?

Biletet av ressursituasjonen samsvarer med det me høyrer frå prostar og prestar, at intensiteten i arbeidet er ei jamn utfordring i kvardagen.

Den auka stabiliteten i presteskapet har skjedd parallelt med opphevinga av buplikta og utflytting frå prestebustadane.

Me har nå tre års erfaring med arbeidstidsavtalen for prestar. Inntrykket vårt er at det let seg gjera å utføra dei grunnleggande presteoppgåvene i soknet innanfor denne. Samtidig ser me at prestenesta ikkje har kapasitet til å løysa alle oppgåver dei tidlegare rakk over. Prestane ser behov for strammare prioritering og at oppgåver må løysast på kortare tid enn før.

Me trur derfor at det stemmer at prestar tidlegare ofte arbeidde meir enn normal arbeidsveke. Dei fleste har arbeidd noko meir og nokre har arbeidd mykje meir, slik at det har blitt litt mindre tilgang på presteneste i sokna etter innføringa av ordninga.

Det er ikkje grunnlag for å seia at dei yngre prestane innordnar seg den nye arbeidstida på ein betre måte enn dei eldre, og me ser at opplæring i datasystem og avtaleverk slår ulikt ut i alle aldersgrupper.

Det er framleis få teologistudentar på VID Misjonshøgskulen. Det er ei utfordring for rekrutteringa til presteneste i bispedømmet, saman med den felles mangelen nasjonalt på nok studentar til å erstatta prestar som sluttar.

I Haugesund brukar dei LIV-kurs bevisst til å setja fokus på rekruttering. Me høyrer om litt auka medvit i bispedømmet, men me er langt frå i mål med rekrutteringssatsinga.

I 2018 gjennomførte me forum for teologistudentar i samarbeid med VID Misjonshøgskulen. Tiltaket samlar mellom 20-45 studentar og nokre tilsette. Det gjev kontakt med kyrkja og

prestetenesta undervegs i studiet. Det gjev oss også kjennskap til studentane, slik at me kan fylgja dei opp og etablera relasjonar.

Me fekk svært gode tilbakemeldingar på ordinasjonssamlingane, som blei arrangerte i Stavanger i 2018. Undervisning om VTVT har også blitt ein del av studieplanen for teologistudentane, slik at me sikrar at dei kjem tidleg med i programmet.

Vegen vidare

Me trur framleis at det er lokalt i kyrkjelydane det viktigaste rekrutteringsarbeidet skjer og kan skje. Vår rolle blir å gjera lokale tilsette og leiarar medvitne om behovet og minna dei på å arbeida systematisk og konkret med rekruttering. Det gjer me mellom anne i prostemøte og på andre samlingar me har.

Me brukar også ungdomstinget som rekrutteringsarena. Me vil halda fram og vidareutvikla samarbeidet med VID og ha fokus på rekruttering av kantorar mellom kyrkjemusikarane. Me nyttar sommarvikarar i litt større grad enn før, vil halda fram med forum for teologistudentar og satsar på VTP. Elles vil me leggja til rette for eit rekrutterande personalarbeid. Rekruttering er også eit av dei punkta som er framheva i strategien vår for 2019-2021.

Me vil også fylgja opp nasjonale tiltak, til dømes «rekrutterande stab».



VTVT (Vegen til vigsla teneste)-samling på Solborg for studentar frå Agder, Stavanger og Bjørgvin.

2. FLEIRE BLIR ENGASJERT I FRIVILLIG TENESTE I KYRKJA

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Frivillige 2016-2018										
År	Medl + tilhørende	Totalt	Gudst.	Barn	Unge	Diak.	Kult.	Utv.	Anna	% av medl.
2018	335 566	14037	5250	3683	2437	2236	1451	2425	2586	4,2 %
2017	336 924	13928	5703	3600	2340	2452	1665	2481	2587	4,1 %
2016	339 K	14166	5712	3709	2291	2530	1352	2532	2665	4,2 %

Det er registrert fleire frivillige i kyrkja i 2018 enn året før. Oppgangen kjem mellom barn og unge. Det er gledeleg at veksten skjer i utøvande kyrkjelydsarbeid på viktige område.

Det er registrert færre frivillige i gudstenesta, i diakoni og i kulturverksemd. Talet på frivillige i gudstenesta er såpass stort at ein kan spørja om gudstenesta blir for ressurskrevjande og at den frivillige innsatsen skulle vore flytta til andre område. Samtidig gjev deltaking eigarskap.

Å rekruttera, organisera og fylgja opp frivillige er ein sentral del av kyrkjelydsarbeidet. Mange opplever dette som ei stor utfordring, samtidig som tala viser at kyrkja har klart å halda på dette engasjementet.

Kva ligg bak resultatet?

Bak resultatet ligg det mykje godt lokalt arbeid. Dei tilsette har sterkt fokus på samarbeid med frivillige medarbeidarar, samtidig som me ofte høyrer at det er utfordrande å rekruttera det som trengst av medarbeidarar for å gjennomføra ulike tilbod. At resultatet likevel er positivt, viser at det finst eit breitt frivillig kyrkjelydsarbeid, at det finst mange som er engasjerte og at det blir lagt godt til rette.

Me høyrer også at mange er spente på den framtidige ressursituasjonen i kyrkja. I møte med dette kan det bli behov for meir frivillig teneste. Dette kjem ikkje av seg sjølv.

Diakonane har arbeidd med modellar der frivillige får eit klarare leiaransvar for ulike område av verksemda i kyrkjelyden. I Vågsbygd i Kristiansand har dei utvikla ein slik struktur, og soknepresten her har presentert modellen nokre gongar her i bispedømmet. Særleg i store og aktive kyrkjelydar kan arbeidet vera så omfattande at tenestegrupper med frivillige leiarar kan vera ein god arbeidsform. Jørpeland kyrkjelyd arbeider konkret med ein slik modell og ser at det gjev fellesskap, klar ansvarsfordeling og god rekruttering.

Elles kjenner me igjen biletet Arild Sporsheim og Stephen Sirris teikna i tidsskrift for praktisk teologi 1-2018. I artikkelen «Frie og villige?» peikar dei på eit sprik mellom teori og praksis rundt frivillig teneste. Det blir ofte snakka om frivillig teneste i teologisk og prinsipielt språk, som noko som gjev mening til livet og er sentralt for kyrkja. I praksis viser det likevel at dei tilsette er meir sentrale enn tenkinga rundt det frivillige arbeidet skulle tyda på. Dei oppgåvene dei frivillige får ofte er praktiske, enkle og konkrete, retta mot å få hjula til å sviva rundt, ikkje like mykje tilpassa breidda av kva den einskilde kunne bidratt med.

I SMMS har me sett på konseptet «Use Your Talents», frå Madagaskar, der lokale kyrkjelydar tek utgangspunkt i kva ressursar dei har og ser korleis dei kan bidra i lokalsamfunnet. På

Madagaskar har dette sett lokale ressursar i sving og skapt utvikling. På same måte kan denne tankegangen utfordra våre kyrkjelydar til å kartlegga ressursar og ta dei i bruk. Frivillig teneste fungerer betre når han er tett kopla til kva folk trivst med og har lyst til.

I trusopplæringa og elles i kyrkjelydsarbeidet har me fokus på å rekruttera breitt. Mange seier ja når dei blir spurte. Det ligg også eit potensial i å bruka barn og unge som frivillige.

Me har ei viss uro for om me brukar mykje frivillig ressurs på møter og drøftingar og for lite på konkret kyrkjelydsarbeid. Eit utval kan både bli ei skapande arbeidsgruppe eller ei gruppe som kjem med nye bestillingar til dei tilsette, som det ikkje utan vidare har kapasitet til å følgje opp. I det heile ser me at samspelet mellom tilsette, råd og frivillige er komplisert. Mykje fungerer godt, men me ser også eksempel på ansvarspulverisering og kryssande forventningar i kyrkjelydane.

Stavanger kyrkjelege fellesråd skal arbeida aktivt med relasjonen mellom dagleg leiar og sokneprest i 2019. Det handlar også om korleis dei tilsette samarbeider med råda, og å få dette samarbeidet til å fungera godt er viktig for kyrkjelydane.

Randaberg sokn har arbeidd godt med strategi og visjon. I samarbeid mellom frivillige og tilsette har dei klart å komma fram til fem område tilsette og sokneråd har samla seg om. Dette er blitt meir enn eit papir og gjev konkrete resultat i praksis. At tilsette, tillitsvalde og frivillige har samla seg om prioriteringar er truleg ein nøkkel til kvifor dette fungerer.

Me samarbeider med fire ulike prosjekt for kyrkjelydsutvikling: NAMU (Naturleg kyrkjevekst), Agenda 1, FOKUS og MUV – Menighetsutvikling i folkekirken. Mange kyrkjelydar gjer seg bruk av eit av desse programma, som på litt ulike måtar skapar engasjement og set fokus på heilskapen i kyrkjelydsarbeidet og korleis det kan veksa. I dette arbeidet er frivillige leiarar viktige aktørar, og fleire av programma arbeider medvite med å skapa eigarskap til kyrkjelyden. Fleire av dei kyrkjelydane som har gode resultat har brukt nokre av desse verktøya systematisk.

Vegen vidare

I Strand ser dei for seg å gje spreke pensjonistar frivillig arbeidskontrakt i kyrkjelyden. God organisering, klare ansvarslinjer og avklaring av kva ein kan venta av oppfølging gjer det lettare å vera frivillig.

På soknerådskursa i 2019 vil me ha fokus på soknerådet sitt ansvar og rolle, inkludert korleis stab og råd kan arbeida godt saman. Satsing på frivillig teneste er sentralt i strategien vår og eit viktig tema på ulike fagområde og i leiarfora.

Me har sett orientering om «Use Your Talents» på planen for prostemøta i 2019. Me ser også at det nå kjem nasjonale kurs i lokal leiing av kyrkjelydsarbeid.

På prostirundar set me fokus på ungdom, for å minna kyrkjelydane på at dette er ei viktig målgruppe kyrkjelydane treng å setja inn ressursar for å inkludera, også gjennom å motivera frivillige til å engasjera seg for ungdom.

C: Område Kyrkjerådet ønsker særleg rapportering på

1. Samarbeid mellom skule/barnehage og kyrkje

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

	2017	2018	Endring
Gudstenester for skuleelevar	261	277	16
Deltakarar på skulegudstenester	68226	70303	2077
Gudstenester for barnehagebarn	113	107	- 6
Deltakarar av barnehagebarn	12342	11796	- 506

Me ser at det har vore fleire skulegudstenester i 2018 enn i 2017. Det har og vore klar oppgang i deltakarar på skulegudstenester. 2077 fleire elevar har vore med på skulegudstenester i 2018, samanlikna med 2017. Høve til fritak har ikkje ført til lågare deltaking, så i praksis verkar det som skulegudstenester er populære og har brei støtte.

Når det gjeld gudstenester for barnehagebarn, ser me at det har vore ein liten nedgang.

Det har vore mykje mindre negativt fokus på skulegudstenester i media det siste året, og det ser ut til at fleire skular nå er meir positive til gudstenestene enn før. Det har kome tydelegare retningslinjer frå nasjonalt hald. Det ser ut til at arbeidet med å trygge samarbeidet mellom kyrkja og skulane har verka positivt.

At talet på gudstenester for barnehagebarn går noko ned kan henga saman med at sokna heller satsar på vandringar knytte til høgtidene enn å halda gudstenester for denne gruppa.

Kva ligg bak resultatet?

Dei fleste sokna i Stavanger bispedømme har eit godt samarbeid med skulane og barnehagane i soknet.

Det er særleg på visitasane me har kontakt med skulane og barnehagane. Nokre gongar er det møte med rektor og leiarane, andre gonger er det med alle dei tilsette eller med elevane. Dette er viktige møtepunkt, som gjev oss eit godt bilete av situasjonen lokalt, motiverer til samarbeid, og støtter opp om ei god rolleforståing for skule og kyrkje. I 2018 har me bare møtt positive haldingar og takksemd for skule-kyrkjesamarbeidet på visitasane.

Vegen vidare

Så lenge kyrkja er ryddig i si rolleforståing, kan me trygt halda fram med å invitera til skulegudstenester og kyrkje-skule-samarbeid. Me vil fortsatt arbeida for at dette skal tryggast som tradisjon for skulane.

Me planlegger ein fagdag for tilsette om kyrkje-skule samarbeidet i oktober 2019. Når skulen nå reviderer sine læreplanar, er det viktig at kyrkja fylgjer med.

Nokre kyrkjelydar har arbeidd systematisk med kva dei kan tilby inn i KRLE-undervisninga. Tananger kyrkjelyd har arbeidd systematisk med læreplanane, og sett kva kyrkja kan tilby av kunnskapsformidling og kulturelle opplevingar på kvart trinn. Slike planar kan vera utgangspunkt for fleire lokale planar.

2. Barne – og ungdomsarbeid i kyrkjelydane

a) Kontinuerleg barnearbeid

Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane består av einskildtiltak og kontinuerlege tiltak for born og unge. Mellom desse ønsker me godt samvirke og fokus på breidda av barn og unge.

Frå 0-12 år har kyrkjelydane tilbod om småbarnssong/knøttesong, sundagsskule, kor, speidar, KRIK-grupper og ulike formar for klubbar, til dømes tweensklubb. Ei rekke av desse tiltaka er knytte til dei ulike barne- og ungdomsorganisasjonane.

I årsstatistikken kan me sjå at

- 75 av kyrkjelydane har tilbod om babysong, med nær 3329 deltakarar. Dette er ei auke på over 300 deltakarar frå 2017-2018.
- 2 av 3 kyrkjelydar har sundagsskule, med 4375 deltakarar til saman.
- Utanom trusopplæringa finst det litt meir enn eit tilbod pr. sokn til born mellom 0-5 år i kyrkjelydane i snitt, med 3002 deltakarar til saman. Dette er ei lita auke frå 2017.
- Utanom trusopplæring finst det 187 kontinuerlege tilbod til born mellom 6-12 år, med 3639 deltakarar. Her har det vore ei lita auke i talet på deltakarar, mens talet på tiltak har gått litt ned.
- I tillegg finst det 62 einskildtiltak for born mellom 6-12 år, med 3309 deltakarar.

Trusopplæringa har gjennomgåande klart breiare oppslutning enn det kontinuerlege arbeidet. Det kontinuerlege arbeidet er likevel viktig, og tilbyr eit anna type fellesskap enn kva til dømes idretten kan tilby. Kyrkja sine tilbod er frie prestasjonsjag og har stort fokus på diakoni. Det er ein del av tradisjon og særpreget i kyrkja å tilby denne type varige fellesskap.

Sjølv om me ser at ein del kyrkjelydar slit med å etablera eller oppretthalda slike tilbod, ser me og at slike tilbod har viser seg levedyktige gjennom mange år ein rekke stadar, kanskje nettopp fordi ein ser at dette betyr mykje for dei som kjem. Dei gjev rom til å utvikla seg ut i frå egne interesser og ressursar og skapar tru og kyrkjeleg identitet. Fordi desse tilboda går over tid går dei og meir i djupta relasjonelt og set sterkare preg på dei som tek del.

Det har tidlegare vore ei viss spenning mellom trusopplæringstiltaka og det kontinuerlege tilbodet til born og unge. Denne spenninga verkar nå mindre. Dette kan vera eit resultat av godt arbeid med å bygga bruer frå trusopplæringstiltaka til det kontinuerlege arbeidet, slik at desse får gjensidig nytte av kvarandre. Nokre stader samspelet mellom trusopplæring og kontinuerleg arbeid ført til nye medlemmar, andre stader ikkje.

Oppslutning om sundagsskularbeid og talet på familiar som tek del på gudstenester heng saman. Her har det ikkje vore satt inn riktige eller tilstrekkelige tiltak.

Mange kyrkjeleg tilsette og frivillige leiarar har bakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid i kyrkja. Dette arbeidet er ein viktig trusopplærings- og sosialiseringsarena. Det er ikkje like lett å skapa same sterke identitet og motivasjon gjennom trusopplæringa. Folkekyrkja treng nokon som kan formidla tru, gjera kyrkja synleg lokalt, be, engasjera seg og visa ulike bilete på kva kristne liv er. Ut frå det er det godt at det kontinuerlege arbeidet framleis har solid oppslutning og tendensar til vekst.

b) Kontinuerleg ungdomsarbeid (1 – 1 ½ side)

Mål: Ungdomsarbeid blir styrka

Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Ungdomsarbeid 2016-2018, 13-17 åringar								
	Tilbod				Deltakarar			
	2016	2017	2018	Utvikling 2017-18	2016	2017	2018	Utvikling 2017-2108
Kontinuerlege tilbod	139	152	135	-11%	2545	2305	2392	+87
Einskildtilbod	57	68	46	-31%	1530	1508	1221	-287
Leiarkurs	75	94	70	-26%	488	530	599	+69

Resultata frå 2018 viser at veksten i tilbod ikkje held seg. Det har blitt færre av alle typar tilbod. Nedgangen er størst for einskildtilbod og leiarkurs. Resultata på alle tilbod er også lågare enn for 2016. Samtidig går deltakinga opp på både kontinuerlege tilbod og leiarkurs. Den gjennomsnittlege deltakinga går altså opp.

Kva ligg bak resultatet?

Tala er usikre. Også i år ser me resultat me ikkje ser stemmer med det me veit om den lokale situasjonen. Me ser at skjemaet blir ført ulikt mellom sokna. I tillegg kjem det at nokre kontinuerlege tiltak blir breie nok til å bli rekna som trusopplæring, slik at statistikken frå SSB ikkje gjev eit utfyllande bilete. Til dømes har Frøyland og Orstad kyrkjelyd eit stort ungdomsarbeid som ikkje viser seg her.

I tillegg til det som er rapportert her i årsstatistikken kjem også tilbod som høyrer heime i dei kristne organisasjonane. Nokre stadar har kyrkja ikkje arbeid sjølv, men det finst aktive kristne ungdomsmiljø i regi av organisasjonane som møter behovet. Slik er det fleire stader i bispedømmet, noko me ser når me er på besøk i prostia.

Det har blitt etablert fleire samarbeidstiltak mellom kyrkjelydar dei siste åra. Dette har gitt gode resultat. Til dømes har det blitt arrangert eit stort leiartreningsarrangement i Sandnes prosti, kalla «Fundament». I Ålgård kyrkjelyd blei «Surrender Fall» arrangert i samarbeid med fire andre kyrkjelydar, med særleg fokus på ungdom og misjon. Det finst fleire, og nokre av desse arrangementa har vore store og vellukka. I Sandnes har kateketar og ungdomsarbeidarar etablert gode samarbeidsforum på prosti og fellesrådsnivå, noko som gjev trivsel, fagleg fellesskap og idéutveksling.

I fleire delar av Stavanger bispedøme ser ein i ung data-undersøkinga at talet på ungdommar som er engasjert i ungdomsklubbar er høgare i enn elles i landet. Sjølv om det er ein viss nedgang i talet på tilbod i kyrkja, ser me framleis gode eksempel på ungdomsklubbar som fungerer bra. Fleire av desse tilboda er prega av at kyrkjelyden gjev ungdom tillit, fridom og rom for å forma både programinnhald og uttrykksformer.

Kyrkjelydar som tar i bruk husgrupper eller cellegrupper for ungdom kan også visa til gode resultat. Nokre kyrkjelydar, til dømes Rossabø i Haugesund, har klart å skapa eit godt tilbod for fleire aldersgrupper gjennom å ha systematisk fokus på overgangen mellom tilboda, til dømes ved at leiarar går på tvers av ulike tiltak.

Prosten i Karmøy peikar i årsrapporten sin på at gode resultat blant ungdom krev godt arbeid over tid. Me ser klart at det gjev resultat når kyrkjelydane brukar ressursar på ungdomsarbeid. Det er systematisk samanheng mellom oppslutninga og om kyrkjelyden har prioritert stillingsressursar til arbeid blant ungdom, som eittåringar, ungdomsvegleiarar, ungdomsprestar eller kyrkjelydspedagogar.

Vegen vidare

Det bør vera eit tilbod til ungdom i kyrkja eller gjennom organisasjonane alle stader i bispedømmet. På større stader bør det vera fleire og varierte tilbod. Framover ønsker me å skapa fleire nettverk og gode arenaar for dei som arbeider med ungdom. Me vil ha fokus på ungdomsarbeid i prostemøte, i bispedømmerådet og i arbeidet på bispedømmekontoret. Også i 2019 er ungdom eit hovudtema på prostirundar, som me brukar til både kartlegging, fagleg oppdatering og motivasjon til satsing. Me vil også bruka ungdomsdemokratiet og ungdomsrådet til å styrka ungdomsarbeidet generelt. Ungdomsrådet ønsker å ha meir kontakt med det lokale arbeidet.

Samtidig er det ei utfordring at me ikkje har etablerte arbeidsformer og tiltak som er lette å setja i gang overalt. Mange kyrkjelydar leiter etter kva dei skal gjere. Det er ei særskilt utfordring å inkludera ungdom i gudstenesta og involvera unge vaksne. Særleg er det vanskeleg med tilbod til ungdom mellom 15-18 år.

Me vil også fylgja opp samarbeidet med organisasjonane vidare. Der organisasjonane driv arbeid, er det viktig å etablere gode relasjonar mellom dette og kyrkjelyden, og det kjem ikkje av seg sjølv. Organisasjonane har også konsept og faglege ressursar kyrkjelydane kan ha nytte av, mens kyrkjelydane har konfirmantgrupper og eit breitt nedslagsfelt organisasjonane kan gjera seg nytte av.

Kyrkjelydane i Haugesund har konkrete planar om å satsa på gudstenester for ungdom og unge vaksne og etablere kontakt med studentmiljøet i byen. Stavanger kyrkjelege fellesråd og Det norske misjonsselskap starta hausten 2018 opp med Ukirke i Nygatens forsamlingshus, som ligg sentralt i byen. Her har dei begynt å skapa eit miljø for både norske og internasjonale studentar.



Ungdommar frå Sunde kyrkjelyd deltok på leiartreningsprogrammet «Follow me» sitt kick-off i sommar.

D: Biskopen si verksemd

I heile 2018 var det Domprost Anne Lise Ådnøy som var konstituert som biskop, først mens Ivar Braut var sjukemeldt og frå august av i vakanseperioden, mens me har venta på å få ny biskop på plass.

Me merker at det er mindre etterspurnad etter bispetenesta i ein vakanseperiode, både frå kyrkjelydar, media og andre organisasjonar. Det er ikkje like naturleg at ein konstituert biskop står fram med ein tydeleg, personleg profil. Det ligg heller ikkje til ein konstituert biskop å gjera markerte retningsval.

Samtidig har den ordinære drifta av bispetenesta fungert godt. Biskopen har mange arenaar for å utøva leiarskap, både forkynning og foredrag, bispedømmerådet, prostemøte, partssamansette utval, arrangement i regi av bispedømmet, utøving av arbeidsgjevaransvar og tilsyn. Biskopen er med i prosessar på nasjonalt og regionalt nivå i kyrkja og utfører visitasar.

Biskopen har gjennomført seks visitasar i 2018, godt fordelt i bispedømmet. Rundt 2008-9 blei visitasar gjennomførte som prostivisitasar, med korte besøk i kvart sokn. Det gjer at det er mange sokn som har venta lenge på ein ordinær visitas. Bispeskifta dei siste åra har også ført til at visitasavviklinga ligg noko etter skjema.

Me har eit godt etablert opplegg for visitasane, som ligg tett opp til visitasreglementet. Det er enkelt å gjennomføra, men gjev gode resultat. Kyrkjelydane set pris på å få biskopen på besøk og plar bruka visitasane godt til å visa fram kva som fungerer og identifisera utfordringar. Visitasane gjev god samfunnskontakt for kyrkja, i forhold til både kommuneleiing, omsorgstenestene i kommunen, skular og til dels også næringslivet i lokalmiljøet. Kyrkjelydane får til mange gode arrangement i løpet av visitasveke, både for frivillige medarbeidarar og breidda av kyrkjemedlemmane og på mange arrangement er det god deltaking.

Me ser at det stort sett er gode relasjonar mellom kyrkje og kommune i bispedømmet. I kommunar med små budsjett eller dårleg økonomi blir også kyrkja ramma. Fellesråd som opptrer profesjonelt og viser god økonomistyring får gjerne gode resultat, til dømes i Karmøy, der godt kartleggingsarbeid har gjeve eit løft på vedlikehald av kyrkjer. Omsorgstenestene er positive til kyrkjeleg nærvær og opnar gjerne for fleire frivillige. Skulane er opne for samarbeid.

I kyrkjelydsarbeidet ser me at diakonale tiltak fungerer godt. Desse klarer ofte rekruttera breitt. Me ser samtidig at mange stader slit med oppslutning om gudstenestene og fryktar kva som vil skje framover, etter som gudstenestedeltakarane blir eldre. Mange kjem innom gudstenestene i samband med trusopplæring, dåp eller konfirmasjon, men blir ikkje faste kyrkjegjengarar gjennom dette.

Kyrkjelydane har mange frivillige, men dei tilsette er sentrale for at både det frivillige arbeidet og kjerneverksemda skal fungera. Sokneråda fungerer ulikt. Nokre slit med rolleforståing, nokre blir passive, mens andre blir strategiske leiarorgan og ei positiv kraft. Me høyrer ofte at sokneråda får fleire og meir kompliserte høyringar enn dei er komfortable med. Dei er ikkje alltid klare over at også lokale innspel kan bli viktige for resultatet av ei sak.

I varierende grad er de spenningar på det kyrkjemusikalske området. Nokre kyrkjemusikarar kan bli isolerte frå andre tilsette og kyrkjelydsarbeidet generelt, men der kyrkjemusikarane engasjerer seg aktivt og får bidra med sine ressursar får dei gode resultat. Dei er sentrale for både gudstenesteliv, stabssamarbeid og dei ulike tilboda i kyrkjelyden.

Me har vektlagt ulike tema på visitasar, både informasjon, ungdom, diakoni og trusopplæring. Me plar velja eitt tema i kvar kyrkjelyd, i tillegg til dei andre tilbakemeldingane på førehandsmeldingar.

Biskopen har fokus på å stadfesta positive trekk ved kyrkjelydslivet, peika på moglegheitene i å vera folkekyrkje, satsa på trusopplæring, dåpsarbeid, ungdom, rekruttering, kultur og gudsteneste.

Prostemøta spelar ei viktig rolle i styringa av bispedømmet. Me ser systematisk på kva satsingar frå årsplanen som treng fokus her. Møta gjev viktig informasjon, rom for drøftingar av aktuelle saker, fagleg oppdatering og inspirasjon og tilbakemeldingar til biskopen om kva som skjer i kyrkjelydane.

Biskop og bispedømmeråd er tydelege på at kommunikasjonen med prestane skal gå gjennom prosten og at prestane heller ikkje skal gå utanom prosten til biskopen. Medvit om dette styrker prosterolla, gjev effektiv administrasjon og held leiinga av bispedømmet samla. Prostane har ei viktig rolle som bindeledd mellom nasjonale og regionale strategiar, prestane og dei lokale kyrkjelydane. Me treng å styrka prostane sin strategiske leiarfunksjon.

Biskop, bispedømmeråd og styret i kyrkjeverjelaget har jamlege kontaktmøte. Desse er viktige for samarbeidet i det daglege. Prostar, leiinga i bispedømmet og kyrkjeverjene har også hatt ei årleg samling, «Sammen om å lede», som har bidratt til å skapa gode relasjonar og opne kommunikasjonskanalar. Dette løysar ikkje alle organisatoriske eller konkrete utfordringar, men gjer at det grunnleggjande samarbeidsklimaet for tida er godt.

For bispetenesta framover vil det vera viktig å motivera tilsette, tillitsvalde og frivillige. Me treng menneske med engasjement for kyrkja som trivst og skapar positive ringverknadar. Me treng kyrkjelydar som gjer det kyrkja kan tilby av fellesskap, diakoni og møtestader mellom Gud og menneske konkret, og me treng å formidla trua på ein måte som gjer at breidda av medlemmane kan sjå kor Gud finst i deira liv. Biskopen har ei rolle som gjer det mogleg å bidra til dette på breiare arenaar enn mange andre, og det ser me fram til å få gjera meir av.



Prostane i Stavanger bispedømme.

IV. Styring og kontroll i verksemda

A: Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråvær og vurderingar av dette

Resultat og utvikling³

I 2018 var det totale sjukefråveret i Stavanger bispedømme på 4 %. Dette er ein auke frå 2017 på 1,7 %. For kvinner var fråveret på 2,9 % (3,5 % i 2017) og for menn var det på 4,4 % (1,9 % i 2017). Langtidsfråveret (over 8 veker) var totalt på 1,9 %, fordelt på 0,6 % for kvinner (ned 0,4 frå 2017) og 1,8 % for menn (0,7% i 2017).

For presteskapet var det totale sjukefråveret på 4,4 % (opp frå 1,8 % i 2017). For kvinner var talet 3,7 % (opp frå 2,2 % i 2017) og for menn 4,6 % (opp frå 1,7 % i 2017).

For administrasjonen var det totale sjukefråveret på 1,6 % (5,4 % i 2017). For kvinner var talet 1,4 % (6,4 % i 2017) og for menn 1,6 % (3,9 % i 2017).

Vurdering av resultatet og vegen vidare

Sjukefråveret i Stavanger bispedømme har over fleire år samla sett vore svært lågt. I 2018 var det klart høgare enn tidlegare. Samtidig var fråveret for fyrste gong lågare blant kvinner enn blant menn.

Fråveret blant kvinner i presteskapet er gått opp frå 2017 (frå 2,2% til 3,7 %). Fråveret er relativt jamt fordelt i lengde. For menn i presteskapet er oppgangen på nær 3 %, der dei lange sjukemeldingane dominerer.

For administrasjonen har sjukefråveret gått merkbar ned sidan 2017. Totalt sett er nedgangen på 3,9 %. Kvinner hadde ein nedgang på 5 % og menn ein nedgang på 2,3 %. Me har unngått lange sjukemeldingar for både kvinner og menn.

Bispedømmet er med i samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). IA-avtalen blei avvikla frå 31.12.2018. Den nye IA-avtalen frå 01.01.2019 vil gjelda for alle verksemdar i Noreg, men IA-arbeidet vil i det store og heile halda fram som før. Me vil implementere dei nye måla i den nasjonale IA-planen i Stavanger bispedømme sin HMS-plan.

Stavanger biskop arbeider aktivt for å skapa eit godt arbeidsmiljø blant våre tilsette, følger opp med nødvendige tiltak for å forhindre sjukdom og har fokus på oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar.

Kyrkjerådet gjennomførte HMS-revisjon i Stavanger bispedømme 6. november 2018. Krav til internkontroll etter arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta blei gjennomgått, i tillegg til gjeldande reglar i rettssubjektet Den norske kyrkja. Tilbakemeldingar frå revisjonen er at HMS-arbeidet og internkontrollen er godt organisert og at me arbeider systematisk og

³ Teksten er utarbeidd på grunnlag av dei opphavslege tala i statistikkheftet. I og med det ikkje har kome beskjed om korleis tilhøvet mellom gamle og nye tal er, ved det tidspunktet årsrapporten måtte ferdigstillast, har me ikkje endra dette. Me er opne for å sjå på situasjonen på nytt ved nye, sikrere tal.

målretta ut frå lover og forskrifter, nasjonale og lokale mål og handlingsplanar. Me kjenner til sterke og svake sider ved HMS-arbeidet og søker å betra dette. Me vil også halda fram med å gjennomføra lokale fysiske og psykososiale vernerundar, og halda fram med det gode samarbeidet mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og verneombod, som koordinerer dette samarbeidet i RAMU- og kontaktmøta. Me vil samtidig arbeide aktivt for eit endå betre og tettare samarbeid med dei enkelte kyrkjelege fellestråda.

Arbeidsplassundersøkinga og vurdering av denne

Det er i 2018 gjennomført arbeidsplassundersøking blant prestane og prostane. Undersøkinga viser at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som godt, med resultat som held seg stabile. I undersøkinga gjev prestane si vurdering med talverdiar mellom 1 og 6, der talverdien 6 utgjer den beste vurderinga.

Samarbeidet mellom prestane og bispedømmekontoret, samt samarbeidet mellom prestane og sokneråda har same snitt som 2017 (5). Samarbeid med prestekolleagaer, samarbeid med og leiing av prost, samt samarbeid mellom prester og tilsette i staben, har hatt ein liten oppgang frå 5 til 5,1 frå 2017 til 2018. Me ser ein liten nedgang på vurderinga av samarbeid mellom prestar og kyrkjelege fellestråd/ kyrkjevjerje frå 4,7 til 4,6. Dette er alt i alt små endringar, og tyder på eit jamt godt samarbeidsklima.

Arbeidsgjevar har kontinuerleg fokus på å ta tidleg tak i konfliktsaker der prestar kan vera involverte, for å unngå at fleire saker eskalerer og blir meir utfordrande å handtera.

For prostane så er tala frå 2017 til 2018 stabile når det gjeld samarbeid med bispedømmekontoret (5,6 i begge åra) og mellom prostekolleagar (5,7 begge åra). Samarbeid mellom prostar og tillitsvalde for prestane er gått ned frå 5,4 i 2017 til 5,2 i 2018 og samarbeid mellom prostar og verneombod gått ned frå 5,3 i 2017 til 4,8 i 2018. Dette er ei utfordrande utvikling, som me vil fylgja opp i prostemøta og i møte med vernetenesta og dei tillitsvalde. Samarbeidet mellom prostar og kyrkjevjerjer/ fellestråd har derimot gått opp frå 4,9 i 2017 til 5,1 i 2018.

Talet på tilsette med arbeidsrelaterte helseplagar har auka med eitt tilfelle sidan i fjor, frå 13 til 14 saker. Stress og dårleg søvn blir meldt som årsak i enkelte tilfelle, men me registrerer også nokre konfliktsaker. Tala på tilfelle av mobbing og trakassering er låge, men har auka med eitt tilfelle frå i fjor til tre konkrete saker. Me har høgt fokus på å auka kunnskapen hjå prostar og tillitsvalde om varslingsrutinar og prosedyrar for konflikthandtering. Ny HMS-handbok på Kyrkjebakken er eit godt verktøy for alle partar.

Over fleire år er det avdekkja at arbeidstakarar som oppfyller krava for sjukmelding likevel går på arbeid, særleg for å utføra kyrkjelege handlingar. Me har også i fjor hatt fokus på at det er lov å vere heime når ein er sjuk. Talet på prestar som melder at dei har vore på jobb når dei burde vore heime på grunn av sjukdom, er gått noko ned, frå 23 i 2017 til 21 i 2018. Talet vil neppe koma ned mot null her, men me vil arbeida vidare med bevisstgjerung rundt når det er forsvarleg å gå på jobb og når ein bør halda seg heime ved sjukdom. Prestane gjev uttrykk for at det som gjer at ein ikkje blir sjukmeldt ofte er vanskar med å overlata kyrkjelege handlingar til vikarar på kort varsel.

På spørsmål om prestane opplever at dei kan planlegge eiga fritid, så ligg snittet på 4,6. Snittet er likt som i fjor, og kan ha samanheng med at ny arbeidstidsordning har ført til auka bevisstgjerung i forhold til balansen mellom arbeidstid og fritid (snittet i 2015 var 4,9). Prostane har snitt på 4,6 på same spørsmål om planlegging av eiga fritid, mot 4,8 i 2017. Arbeidsgjevar har fokus på å fortsatt fylgja opp at alle arbeidstakarar får til ein god balanse mellom jobb og fritid. Det gjeld også prostane.

Den nasjonale medarbeidarundersøkinga

I Stavanger bispedømme var svarprosenten på 60 %. Me er ikkje nøgde med dette og vil jobba for å få auka svarprosenten ved neste nasjonale medarbeidarundersøking.

Me har ikkje noko tidlegare medarbeidarundersøking å samanlikna resultatata med. Me er nøgde med å ha skåra over fire, på ein skala som går til fem, på alle temaområde, med eit unnatak. Det området som gav den lågaste skåren var balansen mellom arbeid og fritid.

Utfordringa knytt til balansen mellom arbeid og fritid vil me jobba vidare med, mellom anna gjennom oppfølging av utarbeiding av arbeidsplanar. Alt i alt er me likevel nøgde med at me kjem ut av undersøkingar som ein ryddig arbeidsgjevar som trass høgt aktivitetsnivå legg til rette for trivsel og generelt gode arbeidsmiljø.

Rutinar for intern varslung om kritikkverdige forhold

Rutinane for intern varslung om kritikkverdige forhold som gjeld for rettssubjektet Den norske kyrkja er gjort tilgjengelege og kjent for dei tilsette i verksemda. Stavanger biskop og Stavanger biskop handsamar varslungar i samsvar med rutinane.



Samtalercenteret «Stallen» er Stavanger bispedømme sitt tilbod til ansatte om samtaler med erfame og dyktige fagpersoner. Samtalercenteret skal vera «ein stad du kan snakke om privatlivet, tenesta, kollegafellsskapet og det du ellers ønsker».

B: Likestilling

Stavanger bispedømmeråd har ein likestillingsplan som bygger på statlege og kyrkjelege styringsdokument. Han set opp ei rekke konkrete tiltak, og har eit mål om å auka talet på kvinner i presteteneste. Mellom anna oppmodar ein kvinner om å søka stillingar i utlysingsteksten, i alle prosti der det er færre enn 40 % kvinner.

Talet på tilsette, løn og sjukemeldingar såg slik ut i 2018:

Likestilling 2018						
	Kjønnsbalanse			Løn ⁴	Legemeldt frávær ⁵	
	Menn	Kvinner	K %	K/M	Menn	Kvinner
Presteskapet						
Prost	7	2	22,22	105 %	4,38 %	2,89 %
Prest	62,15	20,50	24,80	98 %		
Administrasjonen						
Leiarar ⁶	2	1	33,33	123 %		
Tilsette	5	8,84	63,87	94 %		

Kvinnedelen i presteskapet har gått litt opp dei tre siste åra, men framleis er han lågast i landet. Med to av ni kvinnelege prostar og ei av tre i leiinga på bispedømmekontoret, blir kvinnedelen blant leiarar også for låg. Situasjonen er nokså lik i presteskapet og i leiarstillingane.

For tilsette ved bispedømmekontoret er kvinnedelen i følge statistikkheftet 58,43 %. Den har gått litt ned frå fjoråret.⁷

I 2018 har me sett ei sterk auke i talet på kvinnelege søkarar. For fyrste gong var det fleire kvinner enn menn som søkte på prestestillingar (53,7 %). Bispedømmerådet har tilsett fleire av dei kvinnelege søkarane, med ei auke frå 36,4 % til 60 %. Det er gledeleg at me har fått fleire kvinnelege søkarar. Kanskje eit uheldig rykte om at det er vanskeleg for kvinner å få jobb i Stavanger endeleg har slept taket. Bispedømmerådet sin uttalte politikk har lenge vore å tilsetta fleire kvinner.

⁴ Løn inkluderer ikkje fordelene ved å bu i prestebustad, for dei dette gjeld.

⁵ Her samlar me både kontor og presteskap, fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil bli personleg informasjon.

⁶ Biskopen er ein del av leiargruppa ved bispedømmekontoret, men vert i statistikken ikkje rekna med i administrasjonen.

⁷ Tala korresponderer ikkje heilt med vår eigen oversikt over tilsette. I kategorien tilsette er stillingsdelane 4,03 menn og 7,24 kvinner. Skilnaden i stillingsressurs er på 0,97 for menn og 1,60 for kvinner. Når det gjeld menn, ser det ut til at økonomisjef og rådgjevar misjon og ungdom begge har blitt rekna med 1,00 stilling kvar, mens stillingsressursen for økonomisjef i realiteten er 0,40 og for rådgjevaren 0,63, sidan denne stillinga til dels har intern finansiering. Det kan også tenkjast at rådgjevar for inkluderande kyrkjeliv, som har ein stillingsressurs på 0,25, har blitt rekna som ein full stilling. Men me står likevel att med ein stillingsressurs på 0,85 som me ikkje har.

I 2018 blei det for andre år på rad arrangert nettverkssamling for kvinnelege prestar, teologar og teologistudentar. Til samlinga kom det også kvinner som ønska å søka seg inn på teologistudiet. På samlinga delte deltakarane erfaringar frå arbeidslivet, som kvinnelege prestar og teologar. Deltakarane gav også denne gongen svært positive svar i evalueringa av arrangementet.

Det er framleis slik at nokre sokneråd ønsker seg mannleg prest, ikkje av teologiske grunnar, men fordi fleire i staben er kvinner. Sidan kvinner er overrepresenterte blant daglege leiarar, diakonar, trusopplærarar og kateketar, kan kjønn bli vektlagt lokalt på ein uheldig måte. Som tilsettingsorgan for prestar har bispedømmerrådet moglegheit til å motverka slike tendensar, og det blir også gjort.

Skilnaden i løn mellom kvinnelege og mannlege prostar kjem av at det er ei kvinne som er domprost.

Det er ikkje store lønnsforskjellar mellom menn og kvinner i presteskapet generelt, men totalt sett har kvinner litt lågare løn. I praksis heng dette meir saman med alder og type stilling enn kjønn. Det same gjeld på bispedømmekontoret, der lønnsforskjellane i praksis også speglar stillingskategori og erfaring meir enn kjønn. Dei fleste tilsette i administrasjonen har stillingskode som rådgjevarar, og i denne gruppa er det ingen skilnad i løn mellom kvinner og menn.

I 2016 var det flest menn som hadde foreldrepermisjon, mens det i år var flest kvinner. Her er volumet så lite at statistikken eigentleg fyrst og fremst viser individuelle utslag, for å sjå trendar må ein opp på nasjonalt nivå.

Me ser at hovudutfordringa vår er å auka kvinnedelen i presteskapet og talet på kvinner i leiarstillingar. Dette skjer stort sett gjennom rekrutteringsprosessane. Her er det tilfanget av søkarar som er avgjerande, og me er nøgde med nå å ha god tilgang på kvinnelege søkarar.



I november var 30 kvinnelege prestar og teologistudentar samla til nettverksmøte.

C. Vurdering av risikoen for misleghald

Vurdering av risikoen for misleghald (Ibuande risiko)

Det kan vera risiko for misleghald på fleire område av økonomiforvaltninga i bispedømmet. Det er ikkje mogleg å laga rutinar, retningslinjer og kontrollar som heilt tar bort misleghaldsrisikoen. Me meiner at med dei tiltaka me har skissert under, så er risikoen for misleghald moderat og redusert til eit akseptabelt nivå.

Stavanger bispedømeråd har eit eige dokument som meir utfyllande vurderer risiko for misleghald. Me vurderer ingen av desse som alvorlege eller svært alvorlege.

Risikobiletet

Dei største risikoane	Følgje	Alvors-grad	Sannsynlegheit	Tiltak
Tjuveri - Datautstyr - Gåver på lageret - Kontorrekvisita - Minnepinnar - Privat kopiering - Privat frankering	Svinn, meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Rutinar for varsling
				Opplæring og bevisstgjøring
				Sikring og registrering av verdifulle/attraktive gåver og utstyr
				Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tal
Krevja refusjon for same teneste to gongar - Beredskap - Vikarrekning - ABV	Meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Alle rekningar skal godkjennast av to personar
Misbruk av arbeidstid - Private aktiviteter i arbeidstida - Pausar - Feriedagar blir rapportert som jobbreise / seminar/ heimekontor	Ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Rutinar for varsling
Feilaktige /fiktive reiserekningar - Kilometergodtgjering. - Diett - Manglande trekk for måltider - Reise ikkje gjennomført - Ikkje jobbrelatert reise	Meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Alvorleg	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Alle rekningar skal godkjennast av to personar
				Rutinar for varsling
				Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tall

V. Vurdering av framtidsutsikter

Den norske kyrkja sitt samfunnsoppdrag er å vera ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som tilbyr tru og fellesskap over heile landet. Me vil skapa meir himmel på jorda. Den regionale strategien seier, i tilknytning til visjon og sentrale kjenneteikn, at me vil vera ei kyrkje som trur, bryr seg, opnar, deler og inviterer.

Kyrkjene i Stavanger bispedømme ligg på små øyer, i levande bygder, tett opp til oljeindustrien på Forus og i Tananger, på det multikulturelle Storhaug, i rike bustadsstrøk i Sandnes og Stavanger, mellom grøne åkrar på Jæren, i Dalane og mellom fjordane i Ryfylke. Alle som bur her har ei kyrkje i sin midte. Sju av ti av dei, 335 566, er medlemmer eller høyrer til i Den norske kyrkja.

Oppslutninga om gravferd, konfirmasjon og dåp viser at kyrkja framleis er ei brei folkekyrkje, sjølv om oppslutninga går svakt ned. Oppslutninga om vigsel, trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid, diakoni, gudsteneste og kyrkjeleg kulturverksemd viser at kyrkjelydane er viktige for lokalsamfunna. Interesse for det kyrkja har å gje strekk seg langt ut over dei som kjem til gudsteneste kvar sundag.

Samtidig ser me at kyrkja etter kvart vil få svekka oppslutning viss nokre av tendensane held fram. Det er særleg den dominerande oppslutninga om kyrkjelege handlingar og oppslutninga om gudstenestene som ikkje er sjølvsgt.

Over mange år har det vist seg at nyrekruttering til regelmessig deltaking på gudsteneste er vanskeleg. Til trass for stor innsats er oppslutninga om gudstenestene i beste fall stabil. Nokre stader skil seg ut, og det er gjerne der dei har bygt ny kyrkje, gjev gudstenestene eit særpreg, involverer breitt og legg til rette for barn. Det ligg viktige prosessar i forhold til profil, kvalitet og innretning av gudstenestetilbodet framfor oss.

Trusopplæringa har fått stabilt god oppslutning, på 30 – 70 % av dei døypte. Me ser positive verknader av trusopplæringa, men har ikkje nådd målet om å få fleire unge til gudsteneste, fleire unge vaksne i kyrkjelyden eller større synleg oppslutning om kristen tru og praksis blant dei yngre. Både her, i konfirmasjonsundervisninga og i barne- og ungdomsarbeid treng me fokus på å skapa djupare identifikasjon med kyrkja.

Sidan store deler av befolkninga har punktvis og sporadisk kontakt med kyrkja, blir den breie kommunikasjonen også stadig viktigare. Menneske lever liva sine lokalt, men også i relasjon til mediesamfunnet. I det offentlege blir det danna haldningar til kyrkje, liv og tru. Gjennom kyrkjeleg kommunikasjonsarbeid og nærvære på sosiale media møter me mange og treff folk der dei er. Me har ikkje same sterke tradisjon for å satsa på dette som for lokalt kyrkjelydsarbeid, men treng felles kommunikasjonssatsing for å vera godt synlege. Godt kommunikasjonsarbeid vil så igjen kunne styrka oppslutninga om resten av den kyrkjelege verksemda.

Når me hentar ut nøkkeltal frå statistikken, kjem kvardagskyrkja litt i bakgrunnen. Det gjer at nokre av dei områda me ser mykje positivt på, fell i skuggen av nokre av utfordringane. Kyrkjelydane har flytta noko av vekta frå sundagane til trusopplæringa og tilbod på vekedagane. Diakonale tilbod, kor og barne- og ungdomsarbeid er ofte like viktige møteplassar lokalt som gudstenesta på sundagen.

Diakonien er både teologisk og strategisk viktig framover. Kommunane etterspør kyrkja sin diakonale innsats i møte med innvandrarar, barn og unge, menneske som opplever utanforskap og eldre. Diakonale tilbod lokalt møter viktige behov, forkynner med og utan ord og styrker kyrkjelydane. Kyrkja har ikkje ressursar til å møte heile breidda av diakonale behov, men må velja kor det er mogleg og viktig å setja inn innsatsen. For tida peikar me på ungdom, eldre og nye i Norge som viktige målgrupper.

Sidan kyrkja har mange ressurspersonar blant eldre finst det også moglegheiter til å få noko til i denne gruppa. Kyrkjelege tilbod til barn og unge er det også stor interesse for.

I det heile gjer det at kyrkja er blitt sjølvstendig det ikkje mindre, men meir viktig å vera synlege i lokalsamfunnet.



Kvardagsmesser i Sandnes kirke inkluderer menneske i rusmiljøet.

Nokre målgrupper viser mindre spontan interesse for kyrkjelege tilbod. Det kan sjå ut som kyrkjelydane lettare rettar arbeidet inn mot familiar enn einslege vaksne, lettare mot barn enn eldre ungdom, lettare inn mot menneske med norsk kulturbakgrunn enn nye i Norge, lettare inn mot folk med gjennomsnittleg inntekt enn dei som ligg høgt og lågt, lettare inn mot dei som trivst med ord enn dei som heller vil ha ei verktøykasse.

Me treng derfor å utvida kva språk og arbeidsformer me har i kyrkja. Kultur- og pilegrimssatsing er eit av områda der noko nytt kan veksa fram.

«Det er til slutt kommunestyret som bestemmer korleis resultata våre blir,» seier Tor Magne Nesvik, utviklingsleiar i Stavanger kommune. Dei økonomiske rammene er ein sentral,

kritisk suksessfaktor for kor mykje kyrkjelydane får til. Me må søkja aktivt samarbeid med dei som har ansvar for å finansiera folkekyrkja. Me må lytta til kva dei ønsker seg av kyrkja og spela inn kva det er mogleg å få til viss kyrkja får ressursar. Me treng også fokus på sjølvstendig kyrkjeøkonomi og eigen ressurstilgang, gjennom gjevarteneste og frivillig medarbeidarskap.

I dette er det også viktig at kyrkja, saman med andre trus- og livssynssamfunn, tek til orde for eit livssynsøpe samfunn snarare enn eit livssynsnøytralt samfunn, fritt for religiøse innslag på fellesarenaar i samfunnet.

Me nærmar oss også vidare arbeid med kyrkjeordning. Prosessen kan føra til kamp om ressursar og avgjerdsmynde mellom ulike organ og nivå i kyrkja. Mange tilsette som gjer godt arbeid for ulike organ og nivå i kyrkja er urolege for kva endringane vil bety for dei. I strategien har biskop og bispedømmeråd sagt at me ønsker å bidra til gode prosessar.

Årsrapporten viser at me som kyrkje har ein del felles utfordringar det er viktig at me samlar oss om å møta. Rekruttering, dåp, ungdom og felles kyrkjeleg kommunikasjon er noko som utfordrar heile organisasjonen. Konstituert domprost siterer frå referansegruppa i ein kyrkjelydsutviklingsprosess: Kyrkjelydsutviklingsprosjektet «har fokus på lokalmenigheten, men de utfordringene vi står overfor er for store til å løses av oss alene som lokalmenighet».

Konstituert domprost skriv også om «voksende uro over at vi har en organisasjonskultur som i for stor grad har fokus på å drifte og bevare det vi allerede holder på med, og i for liten grad har fokus på utvikling og utprøving av nye tiltak og nye samarbeidsrelasjoner».

Mange verksemdar ville skapt jubel på børsen om dei hadde dei marknadsdelane kyrkja har i forhold til gravferd, konfirmasjon og trusopplæring. Mange vil arbeida gratis for kyrkja, det er fleire hundre tusen gudstenestebesøk kvart år og når Sand kyrkjelyd ein sundagskveld spør «Treng me egentleg kyrkja?» så kjem prosten begeistra til prostemøtet med rapport om at svaret i bygda var eit soleklart ja.

Kyrkja i Stavanger bispedømme er prega av ulike tradisjonar. Lågkyrkjeleg, konservativ kristendom pregar mange kyrkjelydar og nøkkelpersonar. Fleire prestar og miljø er prega av impulsar frå engelsk kyrkjeveksttenking, med opning for nye arbeidsformer og uttrykk. Organisasjonane har lange tradisjonar og står sterkt mange stader, med sin profil. Nokre av dei held større avstand til kyrkja etter ho opna for vigsel av par med same kjønn.

I store deler av bispedømmet er mangfaldet i teologi noko ein rommar godt, om enn nokre gongar litt motvillig. Uavhengig av kor folk står, fungerer likekjønna samliv som stridsspørsmål dårleg som kyrkja sitt ansikt. For dei konservative gjev det eit misvisande bilete av ei gruppe som er strenge, livsfornektande og moralistiske. For dei liberale gjev det ikkje same motstand i media, men i konservative miljø kan slike standpunkt bli rekna som teikn på eit farleg forfall som undergrev kyrkja sin identitet.

For å formidla evangeliet er kyrkja avhengig av både etisk truverd, godt omdømme og å bli sett på som ein stad for nåde. At denne debatten har tatt så stor plass er ei stor kommunikativ utfordring. Å flytta fokus frå desse stridsspørsmåla, bygga forståing på tvers av ulike grupper og velja rette arenaar og kommunikasjonsform i debattane er viktig for den heilskaplege kyrkjelege formidlinga og det kyrkjelege samhaldet i bispedømmet framover. Her vil biskopen og prostane ha viktige funksjonar.

I 2019 er det kyrkjeval. Ved inngangen til det nye året merkar me uro hjå ein del prestar og kyrkjemedlemmar. Dei som er representerte gjennom mindretal i Kyrkjemøtet les gjerne avgjerder som signal om det framleis vil vera rom for teologisk breidde i kyrkja på alle nivå. Sjølv om slike tolkingar er usikre, har kva som skjer på nasjonalt nivå har symbolverdi for kva tilknytning og tillit deler av bispedømmet kjenner til Den norske kyrkja.

For vårt bispedømme er det viktig å ikkje skapa kunstige motsetningar mellom det folkekyrkjelege og det engasjerte livet i kyrkjelyden. Kyrkja kan både vera open og engasjert. Me kan vera like radikale som han som ein gong sjokkerte farisearar og skriftlærde i kven han inkluderte og vende seg til - og like opptekne av å fremma det gode i forkynning og praktisk omsorg.

Kyrkja treng derfor ikkje bare spesifikke tiltak for å auka oppslutning om ulike typar arrangement, men livsnær, forståeleg og utfordrande formidling som tek menneske på alvor og møter dei med rikdommen i kyrkja sine kjelder. Ho treng kristen praksis som viser at Guds kjærleik ikkje er bare ord, men ei kjelde til tryggleik, ramme for livstolking og drivkraft til handling.

Prosten i Ryfylke, Sigrid Sigmundstad, seier det slik: «Kyrkja er til stades som «heilag og allmenn kyrkje» midt i det heilage og alminnelege livet me alle lever. Ja, det handlar om at Jesus Kristus er til stades i dette livet med heilag utfordring og nåde.»

Kyrkja tilbyr tru, håp og kjærleik, i Jesus Kristus. Det gjev oss retning mot fleire.

VI Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2018

Innleiing

Stavanger bispedømmeråd sitt rekneskap er ein del av Den norske kyrkja sitt rekneskap. Stavanger bispedømmeråd fører rekneskap etter rekneskapsprinsippet.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrkjelova § 23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde følgjer av kyrkjelova og gravferdslova, samt ved delegasjon av mynde frå Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgåver for bispedømmerådet er knytte til prestetenesta og forvaltning av statlige tilskot. Bispedømmerådet skal vidare leggja til rette for at mål og strategiar frå Kyrkjerådet vert implementerte i kyrkjelydane.

Ved utgangen av 2018 var det 110,5 årsverk ved bispedømmerådet, fordelt på 94,8 årsverk prestestillingar og 15,7 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar.

Det vert arbeidd systematisk med arbeidsmiljøet for dei tilsette. Arbeidsmiljøutval og vernetenesta har i samarbeid med arbeidsgjevar fokus på oppfølging av sjukemelde.

Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit samla mindreforbruk på 5,1 mill. kr. Me har disponert løyvingar på utgiftssida på 102,2 mill. kr knytt til drift. Bokførte kostnadar var 4,0 mill. kr lågare enn budsjett, og samla inntekter blei 1,0 mill. kr høgare enn budsjett. I løyvinga for 2018 vart det overført 4,5 mill. kr i ubrukte midlar frå 2017. Det reelle mindreforbruk/årsoverskott, når ein ikkje tek omsyn til denne løyvinga, vil derfor vera om lag 0,6 mill. kr i 2018. Netto ubrukte midlar på 5,1 mill. kr vert overført til disponible midlar neste år.

Sjølv om det vart overført ubrukte midlar får 2017, valte bispedømmerådet å ikkje nytte desse midlane til varig auka aktivitet, bispedømmerådet finn foreløpig ikkje rom for å gjera varige endringar i budsjettet knytt til nye faste stillingar. Det forelegg planar om å nytte ein stor del av mindreforbruket frå 2018 til øymerka prosjekt i 2019.

Av tildelinga er 45,5 mill. kr øymerka midlar til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk mm, og midlane er vidarefordelt til sokneråd, fellesråd og ulike prosjekt etter fastlagde kriterier. Tilsvarende er tilskott frå Opplysningsvesenets fond (OVF) kr 557 000 fordelt etter fastlagde kriterier. Budsjett og utbetalte tilskott er kr 352 000 høgare enn tildelinga for 2018, men dette skuldast at ein tilsvarende del av mindreforbruket som vart overført frå 2017 var ubrukte OVF-midlar.

Rekneskapen for Stavanger bispedømme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og vert revidert av revisjonsfirma Ernst & Young AS.

Stavanger, 8. mars 2019

Marie Klakegg Grastveit
Leiar, Stavanger bispedømmeråd

Jorunn Kraft Vistnes
Stiftsdirektør

Budsjettgruppe 1A

Etter endeleg vedtatt statsbudsjett for 2018 fekk Stavanger bispedømme ved starten av året ei tildeling til budsjettgruppe 1A på kr 96 543 000. Tildelinga er gjennom året justert, mellom anna for overført mindreforbruk/overskott frå 2017 samt kompensasjon for årets lønnsoppgjer, til kr 102 259 000. Ein stram budsjettdisiplin gjer at årets rekneskap vert avslutta med eit mindreforbruk/overskott på kr 5 039 000.

1A - Driftsregnskapet	2018		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Inntekter (kontoklasse 3)	-1 275 000	-300 000	975 000
Tilskudd til eksterne (kontoklasse 4)	-	-	-
Lønn (kontoklasse 5)	88 119 000	90 083 000	1 964 000
Drift (kontoklasse 6, 7, 8)	10 376 000	12 476 000	2 100 000
Sum budsjettgruppe 1A	97 220 000	102 259 000	5 039 000

Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Tildelinga til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk vert i 2018 auka/prisjustert med 2,75% i forhold til tildelinga for 2017. Tilskott frå Opplysningsvesenets fond (OVF) vert dessverre ikkje økt/prisjustert tilsvarende, og tildeling for 2018 utgjorde følgeleg i kroner same beløp som for 2017. Budsjett og utbetaling av tilskott frå OVF i 2018 vert auka med kr 352 000 i forhold til tildelinga. Dette skuldast at ein del av mindreforbruket frå 2017 var ikkje nytta tilskott frå OVF.

1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	2018		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
1B Trosopplæring	31 528 000	31 528 000	-
1B Diakoni/Undervisning/Kirkemusikk m.m.	13 971 000	14 021 000	50 000
1B Domkirke (Oslo og Nidaros)			-
Gruppe 2 (kun KR)			-
Gruppe 3 (kun KR)			-
Annet (inkl Ovf utbet til eksterne)	909 000	909 000	-
Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.	46 408 000	46 458 000	50 000

Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskott frå Opplysningsvesenets fond (OVF) vart fordelt på bakgrunn av standard søknadar frå sokneråd, organisasjonar og andre nært knytte til Stavanger bispedømme. Det vert henta inn rapportering på korleis midlane vert nytta, og ein søker i størst muleg grad å tildele midlar til igangsetting av nye tiltak. For 2018 vart midlane fordelte slik:

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2018
Ovf	Regnskap
Administrasjon	-
Diakoni	200 000
Barn og unge	261 000
Gudstjenesteliv	60 000
Kirkemusikk og kultur	248 000
Samisk kirkeliv	-
Andre fellestiltak (inkl SMM)	140 000
Internasjonale og økumeniske organisasjoner	-
Ovf total (for rapportering til Ovf)	909 000

Risikovurdering økonomi

Stavanger bispedømme mottar sine midlar frå Kyrkerådet, basert på «Tildelingsbrev» som skildrar mål, regelverk og retningslinjer som gjelder for rettssubjektet Den norske kyrkja (rDnk) i si heilhet, her under «Kirkemøtets budsjettreglement» fastsatt av Kirkemøtet 12.april 2016 (KM 05/16), samt «Økonomireglement for rettssubjektet Den norske kirke fra 01.01.2017». Det er for Dnk inngått ein avtale om kjøp av økonomitjenester frå firma TET AS. Avtalen inkluderer handsaming av inngåande/utgåande faktura, rekneskapsføring, lønskøyring, kontroll, rapportering, logging og oppfølging. Dette gjer at bispedømmets tilsette ikkje sjølv aleine kan utbetale eller bokføre beløp i verksemda. Det er i økonomisystema innarbeida interne rutinar og kontrollar der alle transaksjonar skjer elektronisk med godkjenning frå minimum to ulike personar.

Bruken av tildelte midlar vert fortløpande vurdert opp mot vedtatt budsjett for året, og jamleg økonomirapport vert lagt fram til behandling i bispedømmerådet. Dei mest vesentlege risikoane på økonomiområdet er knytte til mogleg manglande oppfølging av fastsette mål på bakgrunn av dei tildelingar/ressursar som vert stilte til disposisjon, tilgangen på søkjarar til utlyste stillingar, ein jamt stigande gjennomsnittsalder blant prestane samt mogleg manglande kompensasjon for den årlege lønsutviklinga.

Sluttord

Dnk starta i 2018 eit effektiviseringsprosjekt innan merkantile tenestar (økonomiområdet og arkivfunksjonane). Prosjektet vert avslutta medio 2019 og ein reknar med å redusere rettssubjektets samla kostnader knytt til merkantile/administrative oppgåver tilsvarande ca. 20 årsverk. For Stavanger bispedømme vil dette medføre at ressursar tilsvarande om lag to heile administrative stillingar vert trekte ut frå bispedømmets tildeling og rekneskap, for å overførast til to nyetablerte separate einingar (økonomi og arkiv). Det er vidare berekna at denne omorganiseringa vil gi ein ytterlegare årleg effektiviseringseffekt berekna til om lag 10 mill. kr.

Vedlegg

Årsplan 2018 og 2019

Årsplan for SMMS

Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2021